

Bygningsrapport for Svartdal 2022



Foto: Mona Moe Machavi



Hjartdal og Svartdal



INNHALD

Styret i det utvalde kulturlandskapet for Hjartdal og Svartdal ynskte å få gjort eit registreringsarbeid på bygningane på dei ulike gardsbruka i Svartdal i Seljord kommune. Jørn Berget frå Bø fekk arbeidet med å registrere, ta bilde og lage ein rapport. Han har teke kontakt med grunneigarane i området og gjort avtale med kvar enkelt vår, sommar og haust 2021. Med bakgrunn i dette har Hans Inge Hagen, Seljord, stått for layout.

Styret i UKL vil takke alle grunneigarane som har tatt så godt imot Jørn Berget og latt han kartlegge gardane i Svartdal. Vi håpar dei vil ha glede av rapporten, både som eit oppslagsverk, men også dersom det er aktuelt å søke tilskot til restaureringstiltak.

GARDS- OG BRUKSNUMMER

1	BAKKEN	gnr 82 bnr 3
2	BLEKA GRUVER	gnr 81 bnr 3
3	BREKKA	gnr 78 bnr 9
4	DALEN	gnr 73 bnr 5
5	ESPELID	gnr 89 bnr 1
6	HAUGEN	gnr 92 bnr 1
7	HAUGSTAUL	gnr 82 bnr 1
8	HAUGSVOLD	gnr 78 bnr 1
9	HOMEN	gnr 84 bnr 5
10	KASIN	gnr 78 bnr 8
11	LUTEN	gnr 83 bnr 1
12	MELSOMBU	gnr 73 bnr 7
13	MIDT-BLIKA	gnr 80 bnr 2
14	MIDT-SVARTDAL	gnr 79 bnr 1
15	MIDTBØEN	gnr 82 bnr 2
16	NIGARD LIEN	gnr 87 bnr 1
17	NORD SVARTDAL	gnr 79 bnr 2
18	NORD-AAKRE	gnr 85 bnr 1
19	NORD-BAKKEMOEN	gnr 82 bnr 6
20	NORD-BARSTAD	gnr 84 bnr 4
21	NORD-BLIKA	gnr 81 bnr 1
22	NORD-BØLE	gnr 86 bnr 1
23	NORD-SKARET	gnr 91 bnr 1
24	NORDRE LIEN	gnr 88 bnr 1
25	NØRSTETEIG	gnr 89 bnr 2
26	STORSTAUL	gnr 92 bnr 18
27	SU-BAKKEMOEN	gnr 82 bnr 5
28	SU-SVARTDAL	gnr 78 bnr 2
29	SU-BLIKA	gnr 80 bnr 1
30	SU-LIEN	gnr 87 bnr 2
31	SU-SKARET	gnr 87 bnr 7
32	SU-AAKRE	gnr 85 bnr 2
33	SVERVELID	gnr 80 bnr 4
34	UPPIGARD BARSTAD	gnr 84 bnr 2
35	ØVRE BLIKA	gnr 80 bnr 3
36	ØYAN	gnr 78 bnr 10

Området

Satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei oppfylging av nasjonale mål om å ta vare på særskild verdifulle kulturlandskap i Noreg. Gjennom UKL søker ein å ta vare på landskap med særskild store biologiske, økologiske og kulturhistoriske verdiar der ein også har ei aktiv landbruksdrift og styrken av kontinuerleg landskapspleie. Det utvalde kulturlandskapet er grannebygdene Hjartdal og Svartdal i kommunane Hjartdal og Seljord i Øvre Telemark. Det høyrer til landskapsregionen Dal- og fjellbygder i Telemark og Aust-Agder, og jordbruksregionen Sør-Noregs dal- og fjellbygder. Det var kombinasjonen av høgt biologisk mangfald og store kulturminneverdiar som gjorde at desse to bygdene fekk den spesielle statusen som eit større heilskapleg kulturlandskap av nasjonal verdi under Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (Direktoratet for naturforvaltning 1994). Mykje av den tradisjonelle småskala landskapsmosaikken er enno intakt, med små teigar og stor variasjon. Det er eit sjeldsynt stort innslag av eldre og artsrike kulturmarktypar som naturbeite, slåtteenger og ulike typar område med styvingstre. I tillegg kjem dei mange kulturminna i form av bygningsarv, steingardar, gamle driftevegar og andre spor etter det før-industrielle landbruket. Hjartdal og Svartdal er i dag å rekne som marginale landbruksbygder, men kan trass i dette skilte med eit sær oppegående og beitebasert landbruk med potensiale til å ta vare på kulturmarka og kvalitetane knytt til denne også på lengre sikt.

Levande jordbruk over heile landet gjev Noreg verdifulle og innhaldsrike kulturlandskap. Dei utvalde kulturlandskapsområda viser mangfaldet av og særpreget

til ulike typar jordbrukslandskap i landet vårt. Det er i dag 49 område (snart 51 i 2023) som er valt ut som Utvalde kulturlandskap. Kvart område har sitt særeigne landskap. Folka som lever her tek vare på naturmangfald, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar og bygdelivet i vår tid. Nordbygda i Hjartdal og nabobygda Svartdal er kjent for dei verdifulle naturtypelokalitetane og ei rekkje freda og verneverdige bygningar. Området er prega av ein mosaikk av ulike typar bruk, i dalbotnen, dalsidene og i bakliar og trongare sidedalar.

Her er eit stort artsmangfald, særleg knytt til slåtteenger og store areal med haustingsskog og naturbeitemark, blant anna den største bestanden av søstermarihand her i landet. Fleire gravfelt vitnar om busetjing sidan jernalderen. I aktive landbruksområde finst ei stor mengde freda og verneverdige bygg i heilskapleg bygningsmiljø. Slått og lauving er halde i hevd i ubroten tradisjon. Rundt 50 landbruksføretak i Hjartdal og Svartdal produserer mjølk og kjøt frå til saman 3000 storfe og småfe, mellom dei den verneverdige telemarkskyra. Her føregår lokal næringsaktivitet med produksjon, overnatting og formidling basert på naturressursane, verdiane og historien.

www.landbruksdirektoratet.no



Hjartdal og Svartdal





1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



2 Låven, foto: Jørn Berget



3 Fjøset, foto: Jørn Berget



4 Stallen, foto: Jørn Berget



5 Stabburet, foto: Jørn Berget

Bakken er ein gamal gard. Kjelder fortel at her var det gard på 1500-talet. Tunet på Bakken består i dag av stabbur, låve og fjøs og ein stall som er bygd om. I tillegg står det eit stabbur som er frå 1990-talet. Dyrehaldet tok slutt på garden på 1950-talet, men jorda blir framleis slege.

Stovebygning 1

Tømra bygning i to høgder som står på natursteinsmur. Tilbygg mot vest truleg oppført i 1928. Tilbygg med bad på nordsida ca. 2014. Peis og pipe er òg av nyare dato. Midt på 1990-talet blei stova pussa opp med nye vindaug og ny kledning. Taket er delvis gamal bølgeblekk og delvis nye A-profil-plater frå 2019. Tømmeret er ikkje synleg i første høgda, men inne i andre høgda er det relativt smått tømmer som er flat-telgd og sidan høvla. Andre høgda kan sjå ut til å vere frå ca. 1850. Kan hende er første høgda frå same tid, men ho kan òg vere eldre.

Stove, truleg frå 1800-talet, som er ein del modernisert.

Tilstand: Huset er betydeleg skeivt, men har elles ingen synlege skadar.

Verneverdi: middels

Fjøset 3

Fjøset er oppført i flat-telgd furutømmer. Fundament er natursteinsmur med påstøyp av betong. Takkonstruksjonen er kraftige åsar borne av stolpar som igjen ber sperrar. Eigar har heva himlinga inne i bygget for å få det meir funksjonelt. Bygningen er kledd inn på nordveggen i nyare tid.

Tilstand: Fjøset er i bra stand. Sprekkar i betongen syner at grunnen ikkje er heilt stabil.

Verneverdi: Middels

Låven 2

Tømra tredelt låve oppført i flat-telgd grantømmer som står på høge (på nedsida) holdsteinar. Taket er tekt med bølgeblekk. Under dagens tekking ligg det både høvla flis og restar av bordtak med vassrenner. Låven er i dag innreid til festlokale. Eit nytt golv har blitt lagt over det eine høyrømmet, også dette til festlokale. Svala mot nord har blitt kledd inn i seinare tid, og det same gjeld austveggen. Lafteverket er truleg reist før 1850. Lafteveggen mot syd er beisa.

Tilstand: Nokre gamle skadar i lafteverket. Botnsvilla mot aust er delvis bortrottna. Ein takås som ikkje ber noko pga. takoppløftet er sterkt røteskadd. Nokre mindre teikn på ustabile fundament.

Gamal låve som er noko endra for å kunne bli nytta til festlege lag.

Verneverdi: middels

Stallen 4

Bygningen blei bygd om til traktor-garasje, men seinare har det blitt sett inn benkar og omn. Eit vedskjul er bygd til mot nord og utedo mot vest. Taket er tekt med bølgeblekk og fundamentet er natursteinsmur. Austveggen er noko sundskore i samband med ombygging til garasje. Bygningen er truleg reist i andre halvdel av 1800-talet.

Tilstand: Murverket på sydveggen er i ferd med å skli ut. Røytesvilla mot syd er røteskadd og i ferd med å vri seg ut. Nokre røteskadar i dei to nedste stok-

kane i det sydvestre hjørnet. Vestre leås stikk utanfor takplatene og er røten. Kledningen på utedoen og vedskjulet står tett på terreng og er noko skadd. Truleg også skadar i berande konstruksjon i vedskjulet.

Verneverdi: låg

Stabburet 5

Stabburet er oppført i flat-telgd, høvla tømmer. I begge høgder er det svalgang på framsida. På sidene er andre høgda lagt ut òi stokkbreidde. Stabburet står som vanleg på underbunad. Her har vore fem trapesforma sviller, seks klauver og to museflak. Fundamenteringa er seks holdsteinar. Framsvala er kledd inn med breie underliggarar og overliggerar på 3-4 tommars breidde. Taket er tekt med bølgeblekk. Eit par A-profil-plater er slått på taket på vestsida. Gamalt spontak ligg att under platene.

Tilstand: Bygningen er betydeleg skeiv pga. setningar i grunnen og røteskadar i grima. Framsvilla er her heilt bortrottna og dei to fremre klauvene er erstatta av kubbar. Røte også i dei nordre endane til langsvillane og i bakre tverrsvill og klauv i sydvest. Begge museflaka har også røteskadar. Fullverdig restaurering inneber oppjekking, refundamentering og byte av skadde bygningsdelar i grima.

Lite endra stabbur med ein del restaureeringsbehov.

Verneverdi: middels/høg



4 Maskinhuset, foto: Jørn Berget



3 Fjøset, foto: Jørn Berget



2 Låven, no hytte, foto: Jørn Berget



5 "Laboratoriet", foto: Jørn Berget



1 Buret, foto: Jørn Berget

Plassen som etter kvart blei lagt til Bleka gruver, blei oppretta ca. 1875. Gruvedrifta kom i gang i 1882 og varte til 1901 i fransk regi. Ny drift blei teke opp att i 1933 og stoppa opp i 1940. Mellom anna blei det utvinne gull frå gruvedrifta. I dag består tunet av det som ein gong var stove, låve, fjøs, maskinhus og "laboratoriet" (tidlegare malmlager). Her var fleire bygningar i gruve-perioden, bl.a. brann hovudbygningen ned i 1957.

Dei små tømmerbygningane har ikkje noko særskilt ved seg, men maskinhuset og gruvane i området fortel ei viktig historie om gruvedrifta i Svartdal.

Stovebygning, no hytte 1

Dei to små tømmerbygningane som ein gong utgjorde stova på plassen skal ha blitt flytt hit frå Nord-Blika i 1875 og har kanskje vore eldhus før dei kom hit. Soverommet lengst vest er bygd på slutten av 1960-talet. I periodane med gruvedrift skal stova ha vore i bruk som varmestove. Frå 1948 har bygningen fungert som hytte. Tømringa er som vanleg i området flat-hogd gran, og husa står på natursteinsmur. Taka er tekt med bølglekk.

Tilstand: Det er omfattande skadar i nordveggen på dei to tømrene. Dei røteskadde stokkane er innkleddde for å verne mot ytterlegare forfall i delen lengst aust. Vestre delen har mindre røte, og her er dei to nederste omfara dårlege. Fullverdig restaurering av bygningen krev full demontering.

Verneverdi: middels

Låven, no hytte 2

Låven skal ha blitt bygd i 1875 og blei bygd om til hytte i siste halvdel av 1960-talet. Då kom det inn vindaug

og panel og golv inne. Låven har hatt vanleg 3-delt grunnplan, er tømra i flat-hogd gran og står på holdstein. Det ligg bølglekk på taket.

Tilstand: Låven ser ut til å vere i bra stand.

Verneverdi: middels

Fjøset 3

Fjøset er oppført i flat-telgd grantømmer og står på holdstein og natursteinsmur. Taket er tekt med bølglekk. Byggeår er truleg om lag som låven.

Tilstand: Nokre røteskadar i botn av lafteverket. Svilla mot nord er røten, likeins nordre ende av vestre svilla.

Verneverdi: middels.

Maskinhuset 4

Bygningen blei reist siste halvdel av 1880-talet samtidig med at det blei etablert veg opp til området. Omfattande restaurering blei utført på dugnad

i perioden 2006-2010. Oppført i tungt bindingsverk og fundamentert på natursteinsmur. Bølglekk som takteking.

Tilstand: relativ bra stand etter restaurering.

Verneverdi: høg

Bleka gruver er eit sjeldan eksempel på gruvedrift i regionen.

"Laboratoriet" 5

Oppført i innkledd bindingsverk. Taket tekt med moderne A-profil-plater av stål.

Tilstand: omfattande røteskadar i kledning og sviller, truleg også i fleire konstruksjonsdelar. Platetaket har fått eit knekk i utstikket grunna snøtyngde og manglande understøtting.

Verneverdi: middels.

Malmlageret/laboratoriet har utvilsamt ei viktig historie å fortelje med tanke på gruvedrifta, men bygningen står til nedfalls og er i svært dårleg stand.



1 Buret, no hytte, foto: Jørn Berget

Tunet på Brekka består av nyare bustad, uthus og eit eldre bur.
Det er berre buret som kan bli rekna som ein verneverdig bygning.

Buret 1

På Brekka står eit lite bur oppført av flat-telgd tømmer. Bygningen står på grime med seks klauver og to museflak. I fronten er det ei relativ stor sval med stolpar laga omkring 1970. Buret blei plukka ned på 1960-talet, i samband med at det blei bygd ny bustad, og flytt litt lenger nord til noverande plass. Fundamenteringa er som vanleg holdstein. På taket ligg det papp/knotteplast som ligg på taktro/sperrer frå 1970. Åsane er òg truleg frå 1970. Tømmeret er truleg høvla på utsida og fint skanta innvendig. Kapping av stokkane er utført med øks. Eit byggjeår omkring 1850 verkar vere sannsynleg. På vestveggen finst det nokre inskripsjonar som ser ut til å vere utført på 1870-talet. Tømmeret er tjærebredd. Far til eigar har fortalt at buret skal opphavleg ha kome frå Manndal eller Langlim. På ytterdøra finst det ein fin smidd ring.

Tilstand: Trappa framfor buret består av to digre heller. Dei ligg svært skeivt. Det ser òg ut til at det er nokre setningar i holdsteinane, særskilt gjeld dette den midtre på austsida. I det sydvestre hjørnet er det noko røte i laftehovudet på tverrsvilla i grima. Her er det ein gamal skøyt, og ny ende kan bli vurdert. Det er elles tydeleg sig i knotteplasten, og takomlegging bør vere ei prioritert oppgåve innan få år. Det kan bli vurdert å leggje bordtak i 100 % kjerneved av furu i staden for torv.

Verneverdi: middels.

Buret er einaste gamle hus på tunet. Alderen er middels høg.

Verneverdi tunet som heilskap: låg



2 Høysel/hytte, foto: Jørn Berget



1 Høysel, foto: Jørn Berget



3 Høysel på Holastaulen, foto: Jørn Berget

På Førnes står det i dag berre to høysel. Tidlegare stod det fleire hus her. Stova blei flytta til Su-Barstad i 1904 og står som eldhus der. Lengre tilbake har Førnes truleg vore vårstaul under Minnesjord i Flatdal. Derav heiter dalføret Minnesjord-dalen.

Bygningane ligg einslege, men den eine lòa kan vere blant landets eldste høysel.

Høysel 1

Høyselet er oppført i rundtømmer, delvis gran og delvis furu. Selet har gått igjennom litt av kvart opp igjennom tida, og her er tømmer frå fleire periodar. Dei eldste stokkane kan ha betydeleg alder og er hogde saman med eit særeige laft som er uvanleg i området. Dei eldste stokkane i selet kan vere frå før 1650. Åsar og den eine garlægja er frå takomlegginga for tredivje år sidan. Det ser ut til at mesteparten av dei femseks nedre omfara er gamle. Veggane er elles sikra med strekkfiskar. Fundamentering er natursteinmur med røyspreg. Taket er tekka med kreosotimpregnerte bord lagt ca. 1990.

Tilstand: Selet treng betydelege utbetringar. Heile bygningen står skeivt og har fleire røtne stokkar. Merking og nedplukking av lòa vil vere naudsynt for å kunne utføre tilfredsstillande restaurering. Svill/røytestokk mot syd er røteskadd, og to-tre stokkar på nordveggen er også røtne. Svilla mot aust er òg utsett. Taket held tett, men sutakplater

har vist seg å ha dårleg haldbarheit under større belastning frå fukt.

Bygning med sjeldan høg alder for denne bygningstypen. Ligg tett på vegen/skiløypa og er godt synleg for mange.

Verneverdi: høg/særs høg

Høysel/hytte 2

Høysel blei flytta frå Karlstaul då Melsom ville byggje Svartdal kapell, ca. 1960. Under oppsettinga i 1960 blei stokkane medregne på nytt, og selet har vore nytta som hytte. Fundamentering er natursteinmur med noko bruk av betong. Taket er tekka med kreosotimpregnerte bord lagt ca. 1990.

Tilstand: Bygningen er i bra stand.
Verneverdi: middels/låg. Selet er flytta i nyare tid og gjort om til hytte.

Høysel på Holastaulen 3

Selet har truleg vore stølsbu frå starten, men gjekk etter kvart over til å bli høysel. Som høysel var det i bruk til om

lag 1970. Inne er det framleis senger og spor etter grue. Eit byggjeår omkring 1850 verkar sannsynleg.

Selet er oppført i rundtømmer av gran på natursteinmur. Tidlegare skal det ha vore bordkledning mellom holdsteinane der muren er høg, men no har eigar lagt inn stein. Taket er tekt med bølgeblekk frå ca. 1960, men sørsida av taket er lagt om ca. 2015. Då blei det òg skifta ut ein leås. Botnsvill på sørveggen blei skifta av eigar i ca. 1995. Ny dør blei òg laga ca. 2015, men den gamle finst framleis inne i selet.

Tilstand: Bra stand, litt røte i svilla på austveggen under døropninga.
Verneverdi: middels/høg

Verneverdi eigdommen som heilskap: middels/høg



8 Tunet med stallen nærast, foto: Jørn Berget



7 Kvennhus, foto: Jørn Berget



1 Stoga sett frå syd., foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



2 Loftet, foto: Jørn Berget

Tunet på Espelid er uvanleg lite endra etter siste krig. I sjølve tunet er det fem verneverdige bygningar. I skogen ovanfor tunet finst ei høyløe (høyrer i dag til ei utskilt hyttetomt, men vert truleg førd tilbake til Espelid) og dessutan murar etter det som truleg har vore eit sommarfjøs. Kulturlandskapet har vore halde godt i hevd, men det blei slått siste gong på ekrene i 2018 då det blei slutt med dyrehald på Su-Bakkemoen (som har same eigar som Espelid). Sett som heilskap har tunet høge bygningshistoriske kvalitetar og verdiar.

Stoga 1

Våningshuset er ei tømre i to høgder, innkledd med liggjande, høvla panel på to av sidene. Murane er av hoggen naturstein. Bygningen har gjennomgått ein del endringar. Først ei større påbygging i 1914, seinare panel, nye vindauge og dører. Taket som no er på, er A-profil-plater av stål. Pipa er også ny. Nedre del av bygningen er ei stoge som ser ut til å vere frå første halvdel av 1800-talet. Det budde folk i huset fram til 1994.

Tilstand: Huset har ein del utfordringar med tanke på tilstanden. Fleire av sperrene er knekt av pga. at det blei liggjande stor snøtyngde på utstikket vinteren for tre år sidan. For å utbetre skaden tilfredsstillande bør taket av og nokre av sperrene bør bli bytta ut. Vidare er det djup røteskade i vestre botnsvill. Ein støypt betongkant kan ha vore med på å forårsake at ikkje svillane har fått tørke opp etter å ha blitt fuktige. Det er god grunn til å mistenkje røte i fleire av botnsvillane. Ein bul på nordveggen og liten avstand til terreng her, kan indikere at det kan bli funne røte og/eller andre problem med konstruksjonen inne i nordveggen (som ikkje er lafteverk). Det er òg observert røte i det nedste kledningsbordet på den sydaustre veggen.

Verneverdi: Som del av ein heilskap har stova på Espelid høg verneverdi. Isolert sett er bygningen endra ein del opp igjennom slik at den ikkje representerer

ei førmoderne autentisk stoge, men endringane i seg sjølv framvisar også ei form for autentisitet. Bruksverdien er høg og bygningen bør kunne fungere bra etter ei eventuell restaurering.

Loftet 2

Loftet består av ei eldre første høgde som har nokre kjenneteikn som truleg tidfestar det til seint 1700-tal (truleg er det høvla ein karnissprofil langs medraga). Det har ovalt (magnetelgd) relativt grant tømmer og står på vanleg underbunad med seks klauver, trapessaforma svillar og to museflak. I fronten er det rik treskurd. Loftet stod midt i tunet til ca. 1954. Då blei 2. høgda teke ned og sett opp som hytte i Åsdalen (rett opp for Nørsteteig). No er denne hytta røtna og borte vekk.

Tilstand: Ein bratt bakke står tett inntil på baksida av bygningen der terrenget tidlegare har blitt liggande tett på sviller og klauver. Nyleg har det blitt grave ut på baksida for å sikre god lufting. Grunnen under loftet er også ustabil med setningar. Begge museflaka er nedbøygd, særskilt flaket mot nordvest som følgje av setning i grunnen. Trappa er betydeleg skeiv og bør bli mura opp igjen på stabilisert underlag. Mindre røteskadar har oppstått i austre hjørnet i klauv og sviller. Bygningen kjem til å ha snarleg behov for takomlegging. Knotteplasten sig heilt tydeleg. Isbord er røtne, og det ser også ut til å ha gått røte i nokre av sperre-endane.

Verneverdi: Loftet har, sjølv med bort-

komen andre høgde som er erstatta av ny andre høgde (som i eksteriøret i det meste har følgd gamal tradisjon), høg verneverdi.

Låven 3

Låven ble reist i 1938 og er oppført i tungt bindingsverk. Den er oppført delvis på støypt mur, delvis på holdstein/natursteinsmur. Inne i bygningen står det to fjøskasser i tømmer, der den eine tidlegare truleg har stått i rekkjetunet. Taket er tekt med bølgeblekk som held tett.

Tilstand: Setningar i grunnen/røte, og noko mangelfull avstiving av konstruksjonen har ført med seg ein del problem med konstruksjonen. Konstruksjonen er no retta/sikra ved hjelp av jekketaljar og stroppar. I nordre delen er det truleg betydelege røteskadar i botnen av bygget. Ytterkledningen har en god del røteskadar i nedre del av begge langveggane. Terrenget har bygd seg opp langt oppover veggen på nordre gavl. Isbord manglar/er bortrøtna og vindskiene tek til å få skadar.

Verneverdi: Etter tunendringa på Espelid, er det vanskeleg å sjå for seg tunet utan låven. Brukspotensialet er der til lager og eventuelt småskala landbruk. Verneverdien blir sett til høg/middels fordi resten av tunet treng ein uthusbygning. Isolert sett er verneverdien middels.



4 Badstova, foto: Jørn Berget



6 Høysel på Nordjordet, foto: Jørn Berget



5 Smia er oppført i flat-telgd grantømmer. Den òg ser ut til å vere oppført 1850-1900., foto: Jørn Berget



Eldre foto av tunet (truleg ca. 1910) - medan det framleis var rekkjetun.

Stallen 8

Stallen ligg lengst vest i det som har vore det gamle rekkjetunet.

Bygningen er oppført i flat-telgd grantømmer med to rom for hest og med høytrev over.

Svalgang over framsida av bygget i andre høgda. Svala og sydsida av bygningen er/har vore innkledd med grankledning. Eit byggjeår omlag 1850 verkar å vere sannsynleg.

Taket er tekka med bølgeblekk og er tett. Gamle vindskier finst framleis.

Tilstand: Betydelege røteskadar i lafteverket. Særskilt i nedre høgda i delen lengst nord. Kledningen mot syd er betydeleg vêrslite. Istandsetting av bygningen inneber full demontering og utskifting av ein god del tømmer.

Verneverdi: Som del av tunet på Espelid har stallen høg verneverdi. Bruksverdien i dag avgrensar seg til le for sau og til lagring.

Badstova 4

Badstova er oppført i flat-telgd grantømmer med open sval på framsida slik det er vanleg i vestre delar av Telemark. Taket er tekt med torv/knotteplast. Eit byggjeår i perioden 1850-1900 verkar vere sannsynleg. Omn og benkar inne er intakte.

Tilstand: Minst to av botnstokkane er røtne og må bli skifta. Om skadeomfanget ikkje er større enn det ser ut til, kan dette bli gjort ved oppjekking. Mønsåsen ser ut til å vere røteskadd i austre ende. Vindskier, spir og torvollstokkar er røtne. Taket er tekt med knotteplast under torv. Ser ut til å halde tett inntil vidare, men bør nok bli lagt om innan 2-3 år.

Verneverdi: Som del av tunet på Espeli har badstova høg verneverdi. Einaste endring av det gamle, er knotteplasten på taket. Høg autentisitet. Badstoger er ein bygningstype som det ikkje finst mange att av.

Smia 5

Smia er oppført i flat-telgd grantømmer. Den òg ser ut til å vere oppført 1850-1900.

Tilstand: Det har vore ein større lekasje bak pipa/essa som har førd med seg at heile hjørnet har har røtna opp. Botnsvilla på austveggen er røten i om lag heile lengda. Essa har for det meste rasa. Den austlegaste åsen som har ligge inntil pipa er avrøtna og må bli skifta. Det vil vere bra å ta ned heile bygningen med tanke på restaurering. Taket er tekt med bølgeblekk som held tett. Etter at det har blitt etablert ein veg tett på vestsida til smia, har noverande plassering blitt lite føremålstenleg. Vegbygginga har førd meg seg sig i grunnen. Det vil vere tilrådeleg å flytte huset noko høgare opp i bakken. Det vil vere på sin plass at smia held fram med å stå eit godt stykke vekk frå tunet slik skikken var i gamal tid (brannfare). I seinare år har bygningen vore sikra med jekkestropp og det har vore grave godt unna rundt tømmerveggane.

Verneverdi: Som del av tunet på Espeli har smia høg verneverdi. Smia er lite eller ikkje endra sidan gamal tid, og representerer ein bygningstype som no er sjeldan.

Høysel på Nordjordet 6

Høyselet ligg eit lite stykke opp i skogen nord for tunet. Det er oppført i lafta tømmer som er delvis kledd inn. Eit lite tilbygg (utedo?) er oppført på baksida. Bygningen har behov for ei større restaurering. Som del av eigedommen på Espelid er verneverdien høg.

Kvennhus 7

Et godt stykke unna tunet på Espelid, nedanfor Nørsteteig, ligg kverna som høyrer til garden.

Kvennhuset er oppført i rundtømmer av gran. Innvendig intakt med kvennsteinar, trakt og "kvennepikk". Taket er tekt med bølgeblekk. Kvennkallen og vassrenne er borte. Inskripsjon på døra "1828" kan mykje truleg vere byggjeåret. Dei to nedste omfara er truleg ein del yngre.

Tilstand: Dei to nedste stokkane mot nord er røtne og bør bli bytt ut. Likeins er nordre ende av begge langsvillane og stokkane over røtne. Litt røte i nokre stokkar oppover i veggane på vestsida. Nokre av golvplankane har og røteskade. Det blir tilrådd at kverna blir jekka opp og at røtne stokkar blir skifta ut og spunsa.

Verneverdi: høg

Sjeldan bygningstype med høg autentisitet.

Opplysningar:

Solveig Bakkemoen Espelid
Olav Moen



1 Låven, foto: Jørn Berget



2 Stallen, foto: Jørn Berget

Haugen hørde tidlegare til Skaret. I 1856 ble det eigen gard.

I dag består tunet av løe og ein stall. Stallen blei flytta frå opphavleg mur (ved sida av løa) til ny tuft ca. 1940.

Låven 1

Opphavleg to-delt løe som har vore på bygd i gamal tid med eit ekstra rom. Eit byggjeår i andre halvdel av 1700-talet verkar sannsynleg. Tømmeret er delvis rundt, delvis kanta. Taket blei tekt med bølgeblekk ca. 1970. Tidlegare låg det flis på taket.

Tilstand: Ein del setningar i holdsteinane, spesielt på framsida. På baksida står steinane heilt eller delvis på fjell. Det er ein del røte i veggstokkane på syd- og austsida. Noko mindre røte også på nordveggen. Nokre gamle røteskadar oppe under taket. På vestveggen er

det ein kraftig bul. Her er det montert strekkfisk for å halde veggen på plass. Taktekking har tidlegare truleg både vore spon, bord og gvåv (uthola halvkløyvingar). Det ligg fleire flotte gvåv under løa. Murane etter stallen ligg syd for løa.

Bygningen har behov for omfattande arbeid både i lafteverket og i fundamenta for å bli bevart.

Verneverdi: høg

Stallen 2

Stallen er oppført i flat-hogd grantømmer. Eit byggjeår tett på 1900 verkar

sannsynleg.

I samband med flyttinga blei det tømra inn eit par nye omfar øvst i huset. Taket er tekt med bølgeblekk (frå omlag 1970) som ligg oppå eit gammalt spon-tak.

Tilstand: Stallen er stort sett i bra stand, men det er nokre setningar under muren.

Verneverdi: middels/høg

Flotte bygningar i gammalt kulturlandskap tett på Skarsvegen.

Verneverdi: høg/middels.



1 Stovebygningen 4 Låve 5 Fjøs, foto: Jørn Berget



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



3 Bur, foto: Jørn Berget



2 Eldhus, foto: Jørn Berget

Tunet på Haugstaul består av stovebygning, bur, eldhus, stall, låve og fjøs. Bygningane er frå 1800-talet og ligg høgt og naturskjønt med vidt utsyn. Det budde folk på garden fram til 1984, sist var Halvor Kasin, oldefar til noverande eigar. Veg kom til garden på 1960-talet.

Verneverdi tunet som heilskap: høg/middels
Autentisk tunskipnad med lite endra bygningar og kulturlandskap som er godt halde ved like.

Stovebygningen 1

Stovebygningen har opphavelig vore ei stove med treromsplan. Den er oppført i flat-telgd grantømmer. Eit byggjeår i andre halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg. Mot syd er bygningen forlenga ein gong i første halvdel av 1900-talet. Og tidleg på 2000-talet kom det til enda eit tilbygg, denne gongen mot vest, og bygd i vinkel mot den gamle stova. Dei to eldste delane er oppført på natursteinsmur, tilbygget mot vest er oppført på mur av lettklinkerblokker. På taket ligg det A-profil stålplater frå 2000-talet. Tidlegare låg det eternit-plater på taket. Stova har ny peis og pipe frå tidleg på 2000-talet. Nye vindaug kom òg på same tidspunkt.

Tilstand: Stova er i brukbar stand, men det er nokre skadar. Svillstokken mot syd har betydeleg røte. Takrenna på nordsida er øydelagt. I det sydaustre hjørnet og i nedre del av austveggen på tilbygget frå 1900-talet er det noko røte i nedre del av kledningen.

Eldhus 2

Oppført i bindingsverk, truleg bygd i mellomkrigstid av oldefar til eigar. Bygningen er kledd med tømmermannskledning og har ny pipe av teglstein mura av far til eigar. Oppført på natursteinsmur. Taket er tekt med eternittplater.

Tilstand: Nokre mindre utglidingar i muren, røte i vindskier, ein god del røte i nedre del av kledningen, spesielt på nordveggen der det er slått på knotteplast for å verne veggen. Eternitt-taket tek til å bli dårleg og bygningen treng snarleg takomlegging.

Verneverdi: middels/låg

Bur 3

Oppført i flat-telgd tømmer og står på underbunad med seks klauver, fire svillar og to museflak. Fundamentert på fire holdsteinar. Taket er tekt med eternittplater. Under platene ligg det never og jord på gamal kløyvd taktro. Austveggen er kledd med breie, gamle bord. Eit byggjeår på 1800-talet verkar sannsynleg. Ein kan skimte eit årstal som kan vere "1814" over døra.

Tilstand: Holdsteinane har nokre setningar slik at klauvene står noko skeivstilte. Svilla mot syd i grima har noko røte på midten. På nordsida ligg svillane tett på bakken med fare for at det utviklar seg røte. Begge museflaka er skadde av røte. Eternittplatene har teke til å forvitne, og fleire av vindskiene er røteskadde. Spiret mot nord er borte, medan det søre er røteskadd. Bygningen treng nytt tak innan 5-10 år, og fullverdig restaurering inneber at buret jekkast opp og at ein del masse blir fjerna framfor buret.

Verneverdi: høg

Låve 4

Låven er oppført i rundtømmer av gran. Det er vanleg grunnplan med treskelåve på midten og rom for høy/kornband på sidene. Tilbygg i stolpeverk er reist mot aust i to omgangar, truleg er begge frå første halvdel av 1900-talet. Desse er kledd med sirkelsagskorne bord med ulik breidde og nokre gjenbrukte oppgangsgangsbord med stor breidde. Der er òg eit tilbygg frå 1900-talet i det nordvestre hjørnet. Fundamentert på holdstein. Takkonstruksjonen er åsar med sperrer. Far til eigar la nytt tak ca. 2010 med A-profil plater i stål. Tidlegare skal det ha vore never/jord og spon. Inn i det vestre høyrommet er det ei fin dør med profilerte labankar og fine smidde hengslar. Kan det vere gjenbruk frå ei eldre stove? Laftehovuda er kanta og markant spissa. Låven har betydeleg alder. Eit byggjeår i første halvdel av 1700-talet er ikkje usannsynleg.

Tilstand: Fundamenta er noko skeivstilte og har sige ned, særskilt er dette tydeleg under lafteverket. I det sydaustre hjørnet av lafteverket har holdsteinen flytta seg betydeleg med det til følgje at tverrsvill har ramla ned. Låvebrua har rasa og er delvis fjerna. Dei nedste stokkane under treskelåven har røteskade. Ein stokk høgt oppe på nordveggen har òg røte i ein sprekk. Eit par åsar og den eine garlægja mot vest har røtne endar.

Verneverdi: høg

Gamal låve med høg autentisitet.



5 Fjøs, foto: Jørn Berget



4 Låve, foto: Jørn Berget

Fjøs 5

Oppført i flat-telgd furutømmer. Lafteveggane er stramma opp med strekkfiskar. Andre høgda er oppført i bindingsverk. Fundamentert på natursteinsmur med møkkakjellar. Takkonstruksjonen er sperrebukkar med tre åsar og sperrer over åsane. Trevet er kledd med sirkelsagskorne bord med god breidde. Spikring med klipt spiker. Taket er tekt med tønneblekk. Eit byggeår omkring 1900 verkar sannsynleg.

Tilstand: Betydelege setningar i murverket med det til følgje at innermuren i kjellaren er delvis rast. Søndre del av lafteverket står på hell mot aust og det er nokre rotne stokkar. Dette gjeld svill mot vest, nord og aust. Òg røte i ein veggstokk i andre omfaret mot aust. Trevet er skeivt og står på hell mot syd. Truleg har det vore slarkete avstiving. Taktekkinga syng på siste vers og bør bli skifta innan få år. Røte i vindski, nedre trobord og sperre-endar.

Verneverdi: høg/middels

Fjøs av noko nyare dato, men viktig del av heilskapen på tunet.

Stall

Første høgda er oppført i flat-telgd grantømmer, medan høytrevet har rundtømmer i gran. Laftehovuda er kanta og markert spissa utover mot endane. Mot vest er det eit nyare tilbygg (utedo). Bygningen står på natursteinsmur og på taket er det tønneblekk. Truleg oppført i mellomkrigstid. Stallen er gamal, truleg er den bygd tidleg på 1800-talet eller på slutten av 1700-talet.

Tilstand: Tønneblekket har begynt å leke, og stallen treng snarleg takomlegging. Fleire av sperre-endar har teke til å bli dårlege. Dette gjeld også nokre trobord. Svillstokken mot nord ligg med jordkontakt og har begynt å røtne. Denne bør bli skifta ut. Kledningen mot

aust på trevet er noko dårleg i nedre del. Murverket står stort sett bra, men under utedoen er det tydeleg ustabil. På tilbygget stikk toppsvilla mot vest utanfor platetaket, og det har gått røte i nordre enden. Fleire trobord er også dårlege her. Spir og vindskier er òg røteskadde.

Verneverdi: høg.

Stall med høg autentisitet og alder.



● Tunet på Haugsvold, foto: Jørn Berget



1 Våningshuset, foto: Jørn Berget



● Måleri av tunet, foto: Jørn Berget



5 Vårfjøset, foto: Jørn Berget



6 Låve, foto: Jørn Berget

Tunet på Haugsvold sett frå syd, mai 2020. Våningshus, loft og låve utgjer dei sentrale bygningane i tunskipnaden. Fleire bygningar er bygd i dei siste tiåra, men desse har fått plass lengre aust og forstyrar ikkje tunet.

Tunet har høg verdi som element i eit levande kulturlandskap. Både innhuset og uthuset er godt vedlikehaldne, og begge bygningane er i bruk høvesvis som bustad og sauefjøs.

Måleri av tunet frå før uthusbygningen blei sett opp. Den gamle tømra låven og eldhuset er nå rive. Loftet er flytt noko lengre vest.

Tunet på Haugsvold består av eit gammalt våningshus, truleg frå før 1750, loftsbygning oppført 1757, løe oppført 1929, garasje oppført, lafta vårfjøs. Nede ved elva Svorte står eit kvennhus truleg oppført tidleg på 1800-talet.

Verneverdi tunet som heilskap: høg

Våningshuset 1

Våningshuset har ein gamal tømra kjerne med mykje fint inventar og rosemåling. Stoga har blitt påbygd i fleire omgangar. Fyrst i 1846 da andre høgda og seinare rett etter siste krig (1946). Siste restaureringa vart utført i 1987 da det gamle taket vart lagd om og huset fekk ny kledning på austveggen.

Det er først og fremst innvendig ein kan oppleve ein historisk bygning. Interi-

ør, dører og lause gjenstandar er flott rosemåla.

Uthuset/låven 2

Låven er oppført i tungt bindingsverk i 1929. Han står delvis på natursteinsmur og delvis på betong-fundament. Den gamle muren under sørveggen blei bytta ut i 1993. På taket ligg det bølgebekk frå 1950-talet. Under platene ligg det gamle spontaket.

Bygningen hyser 35 vinterfôra sauer og høytørke.

Tilstand: Bygningen er i bra stand, sett bort frå ei mindre røteskade i ei botnsvill.

Verneverdi: middels. Uthusbygningen er viktig for tunet og viktig i dyrehaldet på garden.

Loftet 3

Loftet er oppført i ovalt (magnetegld) tømmer av det gilde slaget. Det står

som vanleg på grime med trapesforma sviller og rektangulære klauver. Tømrararbeidet er framifrå. Skal ein tru årstalet over døra (og alt peikar mot at dette er rett), er loftet oppført i 1757. Loftet har mykje av dei same kvalitetane som vi finn rundt om i området i bygningar som kan tilskrivast Jarand Åsmundson Rønjom (1738/50-1822). På taket ligg det enkeltkrum teglstein med tett undertak.

Tilstand: Restaurering vart gjennomført i 2016, og loftet er nå i bra stand. Bygningen blei flytt noko vestover og plasseringa i tunet

Verneverdi: Høg.

Kvennhuset 4

Kvennhuset ligg tett ved elva Svorte. Det er tømra i flathogge virke dels av gran, dels av furu. Eit byggjeår tidleg på 1800-talet verkar sannsynleg. Mykje tyder på at bygningen har vore restaurert også i eldre tid.



3 Loftet 1 Våningshuset, foto: Jørn Berget



2 Uthuset/låven, foto: Jørn Berget



4 Kvennhuset, foto: Jørn Berget



4 Kvennhuset, foto: Jørn Berget

Bygningen blei plukka ned for restaure-ring i 2019 og gjenoppførd på refun-damenterte holdsteinar i 2020. Inne i bygningen er kvennsteinane på plass, og kvennkallen er delvis intakt. Taket var tekt med betongstein før restaure-ringa, men nå har det kome på bordtak i kjerneved av furu. For å verne den sterkt utsette austveggen, blei takut-stikket forlenga noko. Området rundt kvennhuset er bety-deleg endra sidan det var i bruk som kvenn. Først blei tilførselskanalen der vatnet kom inn i kvenna fylt igjen i sam-band med at jordet blei utvida. Nyleg har det også blitt oppretta ein gang -og sykkelveg tett på huset.

Tilstand: Huset er nyrestaurert og tilstanden er nå bra.
Nyrestaurert kvennhus, våren 2020.
Verneverdi: Høg

Vårfjøset 5

Vårfjøset er oppførd i lafteverk av gran, men er endra mykje sidan det vart reist fyrste gongen, truleg ein gong på 1800-talet. Fjøset er flytta fleire gonger og truleg bygd om kvar gong. I dag er fleire av stukkane erstatta av ein støypt mur og fått pulltak. Bygningen vitnar om oppfinnsam gjenbruk av ei gamal tømre. Autentisitetetsverdien er ikkje høg, men som bruksbygning og element i tunet ligg den fint i forlenginga av tunet.

Verneverdi: låg

Låve 6

flytt frå Nedre Åbø i Hjartdal 6
Låven blei flytt til Haugsvold på 1980-talet. Den er oppførd i flat-hogge grantømmer og står på åtte holdsteinar.

Tilstand: Det er nokre røteskadar i lafteverket, spesielt på austveggen, og under der låvebrua skulle ha vore. Låvebru manglar.

Verneverdi: middels.

Låven ligg einsleg til ved gang- og sykkelvegen



2 Buret, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



4 Fjøs, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget

Tunet består av gamal stove (som blei påbygd i 1948), bur, låve og fjøs. Vidare er det ei tømre av nyare dato som eigar nyttar som sølvsmie. Både stove og bur er flytt frå Nord-Barstad på 1850-talet.

Verneverdi tunet som heilskap: høg/middels.

Stovebygning 1

Bygningen ser i dag mest ut som eit hus frå perioden etter andre verdskrig.

Stova har tidlegare vore røsta andre vegen. Den gamle delen er oppført på natursteinsmur, men delen frå 1948 er oppført på støypt betongmur. Kledning og tak er frå 1948.

Inne i stova er det synleg at vi har å gjere med ein gamal bygning. Flat-telgde tømmerveggar og himlingsbjelkar. Glas og dør er nyare.

Verneverdi: middels

Buret 2

Oppført i flat-telgd tømmer med seks klauver og to museflak. Fundamentert på seks holdsteinar. Flotte beitskier innanfor svala. Taket er tekt med flat "sementstein". Undertaket er òg fornya med 2x4 som sperrer og sirkelsagskorner, smale bord som taktro.

Buret har kjenneteikn som tidfestar det til ca. 1800.

Tilstand: Buret er i relativt bra stand, men det er noko røte i underbunad. Fremre tverrsvill er noko røteskadd og også nordaustre klauv. Begge museflaka har røteskader i den grad at dei truleg bør bli bytta. Taket begynner å bli klart for omlegging. Det er noko smått med utstikk utanfor pannebordet. Terrenget har bygd seg opp på framsida, og etableringa av ein veg tett inntil bygningen har ikkje betra situasjonen. Det bør bli fjerna ein del masse på oppsida av buret.

Verneverdi: Høg

Låven 3

Låven er oppført i flat-telgd grantømmer. Står på høge holdsteinar på ned-

sida. Høylåven er av tradisjonell type med køyrebru inn frå tunet og skåle i framkant. Treskelåve på midten og rom for høyr på begge sider. Låven er rausta om og blitt laga høgare. Taket er tekt med bølgeblekk. Skålen er kledd med låvekledning. Eit tilbygg mot nordaust. Lafteverket og fundamenter ser ut til å vere i bra stand. Mindre røteskadar i kledning og i døra på oppsida.

Verneverdi: Høg/middels.

Fjøs 4, truleg bygd på 1960-talet, oppført i bindingsverk. Noko røte på oppsida, liten avstand til terreng.

Verneverdi: middels/låg



1 Stova, foto: Jørn Berget



1 Stova, foto: Jørn Berget



1 Stova, foto: Jørn Berget



3 Eldhuset, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget

Kasin har vore husmannsplass under Haugsvold. I følgje saga skal plassen ha blitt etablert på 1820-talet. Plassen fekk eige bruksnummer i 1909.

I dag finst det fem bygningar på staden: Gamal stove, bur, eldhus, eit nyare bur og garasje. Der garasjen no står, skal det tidlegare ha stått gamle uthus. Desse brann i 1938. Det nye buret frå 1967 skal tidlegare eigar etter planen flytte frå staden då det ikkje blei med på kjøpet då noverande eigar overtok vinteren 2020.

Diktaren Ingebjørg Kasin, seinare gift Sandsdalen, har vakse opp på staden.

Verneverdi: Middels-Høg

Stova 1

Stova er oppført i lafteverk, truleg mest i gran. Den har eit tre-romsplan med inngang frå eit nyare bislag. Tidlegare skal det ha stått eit bislag i sveitserstil framfor bygningen.

Tømra har flathogge-tømmer og er lafta på vanleg 1800-tals manør. I 1930-åra blei bygningen påbygd og fekk ei høgda til. Tømmeret i andre høgda er uhøvla utvendig og skore på sirkelsag. På vestveggen er det støypt oppå/utanpå den gamle natursteinsmuren. Framfor bygningen står det no eit nyare tilbygg med slak takvinkel.

Tilstand: Det er noko røte i lafteverket i sydaustre hjørnet. Her er det også spor etter ein trebukk (etter alt og dømme ikkje husbukk). Botnsvilla her er truleg også frå 1930-talet. Svilla mot aust er kledd inn med papp og blekk. Denne er noko vridt ut av vegg. Kanskje kan det vere røte under blekket. Fleire av dei andre botnstokkane kan òg vere røtne, ikkje minst i hjørnet mot nordvest der svilla delvis er reparert tidlegare. I kjellaren er det eit vassig, og det vil vere gunstig å etablere ei drenerande grøft på oppsida og baksida for å leie vekk vatn. Taket som ligg der i dag er plater

som illuderer takstein, dette er nytt og skal vere lagt ca. 2012. Før dette har det òg ligge plater, men gamle foto skal vise bygningen med flistak. Golvet inne på kjøkkenet er skeivt, og det er truleg røte i bjelkelaget under. Ved eventuell utbetring av svillar og golv er det viktig at tiltaka blir utført i ei føremålstenleg rekkjefølgje.

Taket er tett. Det er takrenner på sydsida Stova på har røteskadde botnsvillar. Blekk er slege på for å forhindre at skaden utviklar seg.

Verneverdi: Høg/middels

Buret 2

Buret er ei lita tømre oppført i rundtømmer. Innvendig er tømmeret kanta inn med øks, mest truleg tidleg på 1900-talet. Buret er ikkje oppført med grime/underbunad, men svillane står rett på relativt høge holdsteinar. I hjørna har svillane fått ein krage av tre for å forhindre gnagarar å kome inn i bygningen. Taket er tekt med knotteplast/torv med trykkimpregnert torvuller. Ved siste takomlegging blei også sperrer og taktroa skifta.

Tilstand: Lafteverket er i bra stand. Holdsteinane er noko skeivstilte, spesielt den som står i nordvest. Bøylane som er med på å halde golvåsane oppe er godt rustne og bør bli skifta ut. Enden av vindskiene er truleg tidlegare vore verna av pyntenever, men er nok eksponert og har fått røteskadar.

Verneverdi: Høg/middels

Eldhuset 3

Skal vere bygd på 1930-talet. Konstruksjonen er bindingsverk. Innkledd både ute og inne, truleg på 1960-tallet. På taket ligg det eternittplater. Tilbygget i front har pappshingel. Eldhuset har nokre fine bygningsdelar er gjenbrukt frå ein eldre bygning - som dør og gamle vindaug.

Tilstand: Store røteskadar i golv, bjelkelag og svillar. Tilbygget er særskilt dårleg og bør nok bli rive.

Verneverdi: låg



1 Stovebygning 2 Stabburet, foto: Jørn Berget



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



4 Fjøset, foto: Jørn Berget



4 Fjøset, foto: Jørn Berget



4 Fjøset, foto: Jørn Berget

Tunet på Luten består av gamal stove (truleg frå 1800-talet), stabbur (truleg ca. 1850), låve (truleg 1800-tallet) og fjøsbygning (frå 1761). Ein garasje blei reist i 2010 i forlenging av låa. Der garasjen no står, stod det tidlegare ein stall. Denne var svært røten og blei riven i 2010.

Verneverdi tunet som heilskap: Høg/middels

Stovebygning 1

Stovebygningen er oppført i flat-hogd tømmer i to høgder. Økse kappa endeved sannsynleggjer eit byggjeår for første høgda ikkje mykje seinare enn 1850, og heller noko før. Rundt andre verdskrig blei stova påbygd og fekk ei høgde til. Noverande eigar tok over rundt 2005, og då fekk bygningen ein ny gang, nye vindauger, ytterkledning og nytt tak i form av betongtakstein. Stova står på ein natursteinmur, og i eksteriøret er det berre muren og utstikkande takåsar som i dag syner at vi har å gjere med ein gamal bygning.

Tilstanden: ser ut til å vere særst god.

Verneverdi: middels/høg. I eksteriøret står ikkje huset fram som nok særskilt kulturminne. Bruksverdien er sjølvsagt høg fordi det fungerer som ein moderne bustad.

Stabburet 2

Stabburet er òg oppført i flat-telgd tømmer, sannsynlegvis hovudsakleg av gran. Seks klauver og to museflak utgjer underbunaden. Eit byggjeår rundt 1850 verkar også her å vere sannsynleg. Stabburet skal ha vore flytta til Luten omkring år 1900 frå Fjellstaul. Ved oppsettinga på Luten har det skjedd noko endringar. Det er lagt inn nye stokkar for å gjere svalgangane breiare, og det har blitt laga ny kledning. I bakre gavl er det enda nyare kledning. På taket ligg det eit gammalt flistak (høvla). Over dette ligg det no ei tekking av bølgeblekk, truleg frå ca. 1970.

Tilstand: Utstikkande stokkar (nov-armar) som ber svalgangane er særst nedbygde. På baksida er dette verst. Framsvala i første høgda er berre fundamentert på tre-pålar og står rett i jorda. Det er også større setningar i holdsteinane under sjølve buret. Taket er tett, og snøen reiser heldigvis fort av bølgeblekket. Tung taklast ville ha ført med seg brot i nov-armane.

Verneverdi: Høg/middels

Låven 3

Låa er oppført i flat-telgd tømmer, også dette med kjenneteikn som truleg tidfestar det til 1800-talet, då helst til første halvdel. I dei ytre hjørna er låa lafta med eit vanleg laft med midthals og sekskanta form og kinningar i både over- og underhogg. Ved hjørnet mot køyrebrua er det nytta sinklaft, noko som ikkje er så vanleg for regionen. Fundamenta er solid holdstein som vanleg er.

Det har vore gjort nokre endringar med bygningen. Nyare kledning har kome på den sydvestre langveggen. Eit større arbeid har vore utført i nyare tid med delvis refundamentering og nye golv i dei to store som opphaveleg har vore nytta til gras og kornband. I midten av låa ligg framleis det gamle treskjegolvet på plass. På framsida er den gamle låvebrua fjerna og erstatta av ei trapp laga av trykkimpregnert materiale.

Taket har nå bølgeblekk. Under platene ligg det tekking av stukken spon. Som

spikarslag til dette ligg det gjenbruka takbord med vassrenne.

Tilstand: Låa er stort sett i bra stand. Det er nokre gamle, inaktive røteskadar i lafteverket både på fram- og baksida. Nokre forsterkingar har vore utført i austre hjørnet.

Verneverdi: Høg-middels

Fjøset 4

Fjøset er oppført i grovt, magetelgd (ovalt) tømmer. Svillane er trapesforma, slik som er vanleg. Over døra står mellom anna å lesa: "ANO 1761". Bygningen skal òg vere flytta frå Fjellstaul omkring 1900. Det gamle never- og jordtaket ligg framleis på bygningen sjølv om ein ny takkonstruksjon har vore ført over bygningen som forlenging av taket over låa. Her er åsar som ber sperrar. Over dette som på låa: stikketak tekt over med bølgeblekk. Fjøset er oppført på natursteinmur med møkkakjeller under.

Tilstand: Murane står ikkje på heilt stabil grunn, og det er nokre steinar som har glidd noko ut på baksida av fjøset. Truleg er det omfattande, gamle (no inaktive) skader i lafteverket. Taktro (som ikke er veldig gamal) er svært nedbygde – den ber no ikkje anna enn never og tørr jord. På gavlen mot søraust, er kledningen noko dårleg i nedre delen. Det same gjeld kledningen på svalgangen på nordaust-sida.

Verneverdi: Høg



2 Melsom, og Svartdal kapell



1 Loftet, foto: Jørn Berget

Melsombu blei etablert som fritidsbustad på 1940-talet av Gunnar Melsom som sjølv var arkitekt for fleire av husa. Ei heil rekke bygningar blei da oppført på tunet i gamal stil med torv på taka og tømmer i veggane i tillegg til nokre gamle bygg som blei flytta til staden. Tunet er eit eksempel på ein trend frå fyrste og midtre del av 1900-talet der fritidseigedomar inspirert av bondekulturens arkitektur blei etablert rundt om i Noreg.

Loftet 1

(flytta frå garden Flaaterud i Heddal)
Loftet er oppført i rundtømmer og har eit umiskjennleg preg av byggeskikken i Heddal på 1700-talet med smått rundtømmer, breie svalgangar med kraftige hjørnestolpar og doble svillar i svalgangane. Fundamentering er seks holdsteinar. Taktekkinga ser ut til å vere papp/bølgjeeternitt og torv. Laftehovuda er kanta inn med en svak spissing. Frontsvala har rik treskurd, men denne er ikkje original og er påspikra utanpå dei gamle bygningsdelane. Elles står loftet som vanleg på underbunad med seks klauver og to museflak. Museflaka har ei særeigen utforming, men under-teikna trur at utforminga har kome til under oppsettinga på Melsombu. Flaka er elles gamle, men ber preg av å ha blitt pynta på (vanleg form på flak i Heddal er elles kløyvd rundstokk utan noko meir forming). Det same kan mogleg gjelde klauvene som òg har uvanleg rik treskurd. Takvinkelen har òg blitt gjort slakare i samband med oppsettinga i Svartdal.

Andre høgda har tømmer som er flat-hogge utvendig, men dette ser ut til å ha vore gjort i seinare tid. Truleg har det òg vore rund stokkeform. Laftehovuda her er runde og med noko seising, ei form som er gamal. Og det er her ikkje usannsynleg at vi har å gjere med ein bygning som er reist før 1650. Første høgda og svalgangane har elles eit preg av andre halvdel av 1700-talet. Eigar har fått opplyst at byggeåret er 1773, og det verkar sannsynleg.

Tilstand: Det er svært fuktig i grunnen under loftet og dette har ført med seg en del setningar i holdsteinane med den følge at heile bygget står noko skeivt og at avstanden mellom terreng og underbunad er for liten. Noko mindre røteskader i tverrsvill i underbunad finst. Steintrappa framfor loftet er òg svært skeiv. Kloppsvilla har en del røte. Vidare er det noko nedbøying av novarmane som følge av at mykje taktyngde belastar svalgangane. Bølgjeeternitten har begynt å forvitre ved takskjegget og det kjem fukt på nedre taktrobord på baae sider av taket. Takomlegging er truleg nødvendig innan få år.

Verneverdi: Høg

Loftet er flytta ut av sin opphavelige samanheng, men andre høgda har ein alder som mogeleg kvalifiserer til automatisk freding.

Andre bygningar i tunet:

Hovudbygning oppførd 1942-43, påbygd 1955 og 1962.

Bygningen er oppført i lafteverk og fundamentert på naturstein og betong. På taket ligg det torv.

Verneverdi: middels

"Gamlestua" skal vere den opphavelige sæterbygningen på staden. Bygningen blei ombygd og tilbygd i 1942-43. Gamledelen er i lafteverk, medan den yngre er i bindingsverk. Fundamentering er her òg naturstein og betong.

Verneverdi: middels

Låven og fjøset er bygd i 1947 og ser ut som tradisjonelt uthus i eksteriøret, men innvendig er det verkstad, lager og festlokale.

Konstruksjonen er hovudsakleg lafta tømmer, fundamentert på naturstein og med torv på taket.

Verneverdi: middels

Veslebur, oppført i lafta tømmer og fundamentert på holdstein, torv på taket. Truleg bygd på 1940- eller 1950-talet.

Kvennhuset. Dette er ein gamal bygning, også den oppført i lafteverk. Holdstein til fundament og torv på taket.

Opphavelig har kvenna høyr til garden Nørsteteig.

Verneverdi: middels

Svartdal kapell 2

Kapellet er oppført i 1958/59 og er i all hovudsak bygd opp av tømmer frå to sjøboder frå Drammen. Materialane skal vere frå 1700- og 1800-talet. I eksteriøret er kapellet inspirert av Eidsborg stavkyrkje, men kapellet er oppført hovudsakleg i lafteverk. Veggjar og tak er som det er vanleg for stavkyrkjene, sponkledde.

Verneverdi: høg



1 Stove/våningshus, foto: Jørn Berget



1 Stove/våningshus, foto: Jørn Berget



2 Eldhus, foto: Jørn Berget



3 Bur, foto: Jørn Berget



4 Badstove, foto: Jørn Berget



5 Uthus, foto: Jørn Berget

Tunet på Midt-Blika sett frå vest, august 2020. Vi ser stove, eldhus, bur og uthus. Buret er under demontering med tanke på restaurering.

Verneverdi tunet som heilskap: høg

Stove/våningshus 1

Våningshuset er oppført i lafteverk. Med eit nytt tilbygg frå 1980-talet. Gamledelen står etter alt og døme på ein natursteinmur med påstøyp av betong. Den nye delen står på mur av lettklinkerbetong. Heile huset blei kledd om, når tilbygget kom på 1980-talet, med profilert tømmermannskledning. Taket er tekt med enkeltkrum teglstein.

Tilstand: Huset er relativt nyleg restaurert med ny kledning og tak. Kledningen er noko malingslite.

Verneverdi: Høg/middels

Eldhus 2

Eldhuset er oppført i lafteverk med eit vedskjul i reisverk. Eit byggeår rundt 1850 verkar vere sannsynleg. Vedskjulet er yngre og truleg bygd til tidleg på 1900-talet.

Taket er tekt med teglstein med papptekt undertak. Eit lite tilbygg er laga framfor døra. Bislaget er tekt med ei stålplate.

Tilstand: Det er lekkasje ved pipa og røte i himlinga, tett på pipa. Lafteverket ser ut til å vere i bra stand. Mønepanne ligg uryddig og ser ut til å vere mangelfullt innfesta. Kledning på inngangsparti og på vedskjulet er røteskadd i nedre del.

Verneverdi: Høg

Bur 3

Buret på Midt-Blika før demontering. Foto: Håkon Fjågesund

Oppført i ovalt tømmer profilert med vulst etter meddrag og holkil på lafteskallane.

Står på underbunad med trapesforma sviller og seks rektangulære klauver. Takkonstruksjonen er to åsar (bjønnygg) med sperrer. Over døra i svala er det skore inn 1757, og alt tyder på at dette er byggeåret. Taket var tekt med spon, never/jord og teglstein som øvste lag.

Tilstand: Bygningen er under demontering for restaurering ved synfaring. Den har stått svært skeivt over mange år og har i dei siste åra vore sikra med jernbjelkar. Behov for utbetringar av grunnen, bakre tverrsvill i grima er røteskadd, endane av museflaka er røtne. Det er elles betydelege røteskadar i lafteverket Både på syd- og austvegg. Demontering er heilt naudsynt for å gjere ei fullverdig restaurering av bygningen.

Verneverdi: høg

Flott bur med høge arkitektoniske kvalitetar.

Badstove 4

Oppført i flat-telgd grantømmer. Inskripsjon 1857 ved døra verkar å vere eit sannsynleg byggeår. Fundament er natursteinsmur. Takkonstruksjon åstak med sperrar. Omn og benkar for tørking av korn er på plass inne.

Taket er tekt med torv og knotteplast.

Tilstand: Det er røte i dei to nedste stokkane på austveggen. Fleire av dei nedre laftehovuda på sørveggen er òg

røtne mot aust. Kledningen fremst på langveggane (innkledd) er òg dårlege. I det sydvestre hjørnet har holdsteinen glidd ned.

Verneverdi: høg

Uthus 5

Uthuset består av ein eldre lafta låve og eit lafta fjøs, truleg frå mellomkrigstida. Den gamle låven har relativt grove, flathogne stokkar og kan vere relativt gamal, truleg seint 1700-tal eller frå tidleg 1800-talet. Fundamenta er holdstein heilt eller delvis på fjell for låven og støypt betong under fjøset. Heile bygningen er kledd med kant-i-kant-låvekledd bortsett frå sørveggen på fjøset der tømmeret er synleg utvendig. Ein nyare takkonstruksjon, truleg jamgamal med fjøset, er bygd over den gamle tømmerlåven. Taket er tekt med bølgeblekk.

Tilstand: Uthuset er stort sett i bra stand. Noko kledning er røteskadd i nedre del både på aust-, syd-, nord- og vestvegg. Botnsvilla i fjøset på austveggen bør bli vurdert nærare. Døra inn til møkkakjellaren er dårleg. Nokre takplatespiker har losna.

Verneverdi: høg/middels

Uthuset er ein viktig del av heilskapen på Midt-Blika.



1 Stovebygning/bustad, foto: Jørn Berget



4 Stabburet, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



2 Fjøset, foto: Jørn Berget



5 Hønsehus, foto: Jørn Berget

Tunet på Midt-Svartdal består av gamal stove med tilbygg som fungerer som moderne bustad, gamal låve, nytt fjøs på gamle murar, stabbur og hønsesus forutan ein nyare garasje og fyrhus. Bedrifta Telespinn, som driv med garnproduksjon, er etablert på garden og har geiter og sau som held ved like kulturlandskapet. Verneverdi tunet som heilskap: høg

Midt-Svartdal har ei fin syntese mellom nytt og gammalt. Eigar har makta å tilpasse gamle bygg til moderne funksjonar.

Stovebygning/bustad 1

Stova er på påbygd både mot aust og syd etter at noverande eigar tok over for ca. 20 år sidan. I 2007 blei den gamle delen restaurert, mellom anna med nokre nye botnstokkar. Den gamle delen er lafta av flat-telgd grantømmer og har eit sannsynleg byggjeår i andre halvdel av 1800-talet. Taket er tekt med papp/knotteplast og torv. På tilbygget mot syd ligg det bordtak i gran.

Tilstand: Bygningen er i bra stand, sett bort i frå at bordtaket på det nye tilbygget har begynt å røtne. Det blir tilrådd at det blir lagt nytt bordtak i 100 % kjerneved av furu; noko som bør ha langt betre haldbarheit.

Verneverdi: høg

Fjøset 2

Det stod eit gammalt fjøs på Midt-Svartdal då noverande eigar tok over. Fjøset blei plukka ned med tanke på restaurering, men tilstanden var så dårleg at planane måtte stoppast. På dei gamle murane ble det lafta opp eit nytt fjøs i 2003. Handverkar var Torkjell Flatland.

Tilstand: Fjøset er i bra stand, men spontaket frå 2003 begynner å vise teikn på røte. Godt undertak gjer at sponen kan liggje enda fleire år.

Verneverdi: høg/middels

Bygningen er ny, men den står på game murar og er godt tilpassa det gamle tunet.

Låven 3

Låven er truleg gardenes eldste bygning. Den har vanleg tre-delt grunnplan med køyrebru/treskelåve på midten og rom for høg/korn på sidene. Tømmerveggane er flat-hoggen gran. Eit byggjeår i andre halvdel av 1700-talet er sannsynleg. På taket ligg det no eit gvåvtak som blei lagt i 2003. Funn av eldre gvåv motiverte eigarane til å prøve ut denne no særskildne tekkingsforma. Ei større restaurering av heile bygget blei også utført i 2003, mellom anna blei bygningen heva ca. 50 cm. Låven er i full bruk og ein viktig del av drifta på Midt-Svartdal.

Bygningen er relativt nyleg restaurert og i bra stand. Det 17 år gamle gvåvtaket begynner å vise nokre teikn på røte. Når det ikkje ligg undertak under gvåven, er det sannsynleg at omlegging av tekkinga vil måtte utførast innan få år.

Verneverdi: høg.

Uthusrekke som er i full bruk i gardsdrifta.

Stabburet 4

Stabburet er oppført i flat-telgd og hølva tømmer. Det stend på seks holdsteinar og grime med seks klauver og to museflak. Det er svalgang på alle fire sidene i andre høgda og sval også i fronten nede. Tidlegare låg det takstein med spon, never og jord under. Taket blei lagt om til torv i 2004 med plast under. Kledningen er måla med linoljemåling, med pigment frå garden.

Bygningen har eit sannsynleg byggjeår i første halvdel av 1800-talet.

Tilstand: Stabburet blei jekka opp og retta etter at noverande eigar tok over. I bra stand etter restaurering og takomlegging. Mindre problem med avrenning frå torvtaket på sydsida. Fuktopptak i treverk her.

Verneverdi: høg

Stabburet er eit eksempel på ein ny mote i tømringa etter at det blei slutt på grove, ovale stokkar.

Hønsesus 5

Høyløe nyleg flytta frå garden Rusti. Oppført av flat-hogge grantømmer. Den står på fire holdsteinar, taket er tekt med tønneblekk. Huset er tenkt nytta som hønsesus på garden.

Tilstand: Bygningen er nyleg restaurert og i bra stand.

Verneverdi: middels/høg

Hønsesuset/løa føyer seg fint inn på tunet. Det er lang tradisjon for å flytte på tømmerbygningar.



2 Loftet 1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



4 Høyløe i Midtbødalen, foto: Jørn Berget



5 Låve i Midtbødalen, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget

Tunet på Midtbøen er eit firkanttun og består av fire bygningar. Stova (seint 1800-tal) er mogleg frå 1884. Loftet er truleg frå fyste halvdel av 1800-talet. Uthuset med garasje frå 1995, løe og fjøs -ombygd til kontor med meir - er truleg frå seint på 1800-talet, med nokre gjenbrukte stokkar. Fjøset er bygd i 1964-65. Gardsdrifta opphørde i 1998, men jordene blir framleis slegne.

Tunet sett frå syd. Uthus, våningshus og stabbur

Verneverdi tunet som heilskap: middels

Stovebygningen 1

Oppført i smått grantømmer i to høgder. Nyare tilbygg med trappeoppgang. Innkledd i nyare tid (ca. 1980). Også sett inn nyare vindaug og dører. Noko fornya innvendig.

Det er gamle golv, dører og himlingar innvendig. Stova er oppført på natursteinsmur, delvis støypt med betong. Bølgjeblekk på taket. To piper; éi i leca og éi i teglstein.

Liten kjellar under kjøkkenet. Lagt drenering ovanfor husa. Fungerande bustad, høg bruksverdi.

Tilstand: stova er i bra stand.

Loftet 2

Oppført i flat-telgd tømmer på underbunad på vanleg grime med seks klauver og to flak. Det er berre svalgang i fronten (i begge høgder). Andre høgda er utkraga i lafteverket. Golv er av

halvkløyvingar, taktroa er for det meste øksa medan kledningen er skore på oppgangssag.

Lite endra. Betongstein på taket.

Tilstand: Begge museflaka er røteskadd i søre endar. Fremre klauv på nordsida er skeivstilt pga. ustabil grunn. Natursteinstrapp står på ustabil grunn og bør gjenoppførast på stabilisert og drenert underlag. Taket er stort sett i grei stand, men i sydaustre hjørnet har det oppstått røteskade i takskjegget pga. for lite utstikk på steinen. Mindre røteskadar i nedre del av kledningen på sydsida. Terrenget er noko høgt i nordaustre hjørnet.

Verneverdi: Høg/middels

Låven 3

I tradisjonell form med to høyrom og treskerom på midten, køyrelåve rett inn frå tunet. Oppført i flatt-telgd grantømmer. Nokre eldre gjenbrukstokkar. Står på seks holdsteinar som ser stabile ut. Taket er tekt med bølgjeblekk. For å betre funksjonaliteten til bygget, er det

skore ut opningar i delevegg og sørvegg for å gjere fjøstrevet tilgjengeleg.

Kontor/lager/hobbyrom/festrom. Høg funksjonalitet.

Tilstand: Rundstokken som ligg under lafteverket og golvåsar på vestsida har betydelege røteskadar og bør etter kvart skiftast. Nokre av laftehovuda på deleveggen får værslag frå syd-sydaust og ser ut til å kunne spunsast før røten utviklar seg vidare. Ei takrenne på vestveggen kunne vere eit bra tiltak for å gjere værpåverknaden på tømmerveggen mindre.

Høyløe i Midtbødalen 4

Verneverdi: middels

Låve i Midtbødalen 5

Verneverdi: middels



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



8 Smia, foto: Jørn Berget



2 Eldhus, foto: Jørn Berget



3 Uthuset, foto: Jørn Berget



4 Fjøs-kassa lengst vest, foto: Jørn Berget

Nigard Lien har mange bygningar der byggjeåra spenner over ein periode på nærare 400 år. Lite modernisering er utført og garden står fram som ei skattekiste for den som er interessert i bygningshistorie.

Verneverdi tunet som heilskap: høg

Stovebygning 1

Stovebygningen er oppført i flat-telgd grantømmer og er i halvanna etasje. Bilete frå 1911 syner ein litt lågare bygning. Ei påbygging har vore utført truleg kort tid etter 1911 då det blei lagt inn tre omfar tømmer på toppen av stova. Botnsvillane er noko større enn resten av tømmeret og svakt trapesforma. I følgje Norske gardsbruk skal stova ha vore reist omkring 1750. Dette stemmer godt med dei bygningshistoriske kriteria. Hakk i den gamle garlægja (øvste veggstokken) syner godt kor høg den eldste delen har vore. Huset står på ein natursteinsmur der det er lagt på påstøyp av betong.

Mot nord finst eit tilbygg frå 1960-talet, medan det mot aust er det reist eit tilbygg samstundes med at stova blei påbygd i høgda, kort tid etter at biletet i 1911 blei teke.

Inne i stova er tømmerveggane vel bevart og måla kvite. Flotte breie himlingsbord i stova og på kjøkkenet. Den gamle peisen er fjerna. No står det ei pipe i teglstein.

Biletet frå 1911 syner ei tekking der det kan sjå ut som det anten ligg spon eller takstein på taket. I dag er taket tekt med enkeltkrum betongtakstein, truleg frå ca. 1970, medan tilbygget frå 1960-talet er tekt med bølgeblekk.

Tilstand: Huset er stort sett i bra stand, sett bort i frå at det er fleire av botnsvillane som har røteskadar. Det er dessutan noko sig i golv/golvbering i stova.

Verneverdi: Høg

Huset fungerer som bustad, men er lite endra.

Eldhus 2

Oppført i flat-telgd grantømmer. Mot vest er det laga ein veranda i ca. 2003. Nord, syd- og vestveggen er raudmåla, austveggen er ubehandla. Opphaveleg oppført om lag slik det står no, men rett før 1911 blei bygningen bygd inn i eit større sveitserhus. Sveitserhuset blei rive ca. 2002-2003. Eldhuset er no tekt med knotteplast og torv. Då det nye taket kom på, blei det lagt på ein stukk oppå den gamle tømra. Eit opphavleg byggjeår kan vere rundt 1850. Tømra står på ein natursteinsmur med kjellar. På bakveggen er dei tre nedste stokkane erstatta med betong. Himling og dør er sveitserstil.

Tilstand: Røte i botnstokken mot nord. Røtne torvollar og vindskibord.
Verneverdi: Middels.

Eldhuset er ein verdifull del av tunet på Nigard Lien, middels endra.

Uthuset 3

Uthuset består av fleire bygningar. Lengst aust er det ei løe bygd i bindingsverk (truleg på 1970-talet) som er bygd over ei tømra fjøskasse. På midten er det ein gamal tømra låve oppført i flat-telgd grantømmer. Tidlegare har låven vore tekt med never og torv som ligg på ei skanta taktro. Lengst vest i uthusrekka er det ein lafta fjøskasse frå ca. 1930-talet. Låven er truleg reist ein gong i andre halvdel av 1700-talet eller omkring 1800. Austre fjøskasse er truleg frå andre halvdel av 1800-talet. Austre og midtre del av fundamentet

er på holdsteinar av naturstein, medan fjøskassa er fundamentert på ein høg støypt mur. Taket på heile uthusrekka er tekt med bølgeblekk.

Fjøskassa lengst vest 4

Tilstand: Fjøskassa lengst aust har ein god del røte i veggstømmeret i nedre del. Midtre låven har brot i eit av rausta der det er opplegg for takåsar. Snøen reiser her av taket så dette ser ikkje ut til å vere akutt.

Verneverdi: høg/middels

Uthusrekka er eit konglomerat av bygningar som syner fleire historiske epokar i landbrukshistoria.

Loft 5

Stabburet er oppført i to høgder i flat-hogd grantømmer. Det står på grime med seks klauver og to museflak. Seks solide holdsteinar utgjør fundamenta. I fronten er det svalgang i begge høgden. Svala er innkledd delvis med kant-kant bord, delvis med tømmermannskledning. Eit byggjeår i andre halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg. Taket har tidlegare vore tekt med never/torv, men no ligg det bølgeblekk som tekking.

Tilstand: Loftet er betydelege skeivt og står på hell framover. Skeivstilte klauver pga. setningar i dei midtre og fremre fundamenta. Treverket er stort sett i bra stand sett bort i frå at begge museflaka er noko dårlege.

Verneverdi: Høg/middels

Loft med relativ høg autentisitet på tun med høge verneverdiar.



5 Loft, foto: Jørn Berget



6 Bur, foto: Jørn Berget



11 Eldhus på Tussehjelle, foto: Jørn Berget



9 Høysel, foto: Jørn Berget



10 Kvennhus, foto: Jørn Berget

Bur 6

Lite bur med framsval. Oppført på seks holdsteinar med seks klauver og to museflak. Minst to byggefasar i lafteverket. Yngste stokkar er flat-hogne medan dei fire midtre omfara og rausta er forma med kvassmage, ei form som er noko skarp på midten. Stokkforma er uvanleg i Telemark og elles observert i loft på Haugan i Åmotsdal (datert seint 1500-tallet.) Buret er truleg opphaveleg oppført utan underbunad/grime, og bakre tverrsvill som har trapesform, har opplegg for golvplank. Dendrokronologisk datering av dei eldste stukkane synte at det opphavelege buret er frå midten av 1660-talet. Taket er tekt med bølgeblekk, bilete frå 1911 viser buret med bordtak.

Tilstand: Buret er i bra stand, sett bort i frå at begge museflaka er dårlege og svilla i framsvala har betydeleg røte. Nokre gamle røteskadar i sperre-enda-ene og takåsar. Kloppa bør bytast.

Badstove

Badstova er oppført av flat-hogge grantømmer. I nyare tid har det vore laga eit tilbygg i framkant av huset. Taket er òg forlenga mot nord for å hyse hesjestaur. Gammal, sotsvart taktro ligg oppå sperrene, og det har før vore nevertekt torvtak. I dag ligg det bølgeblekk på taket. I tilbygget mot aust ligg det stukken spon under bølgeblekket. Eit byggeår 1750-1820 verkar sannsynleg. Inne i badstova er benkane for tørking av korn på plass. Omnen er vekk.

Tilstand: Dei gamle rausta har bikka mot aust. Mønsåsen har betydeleg røteskade i austre ende. Botnsvilla i

aust har røteskade. Botnsvilla mot vest har vridd seg kraftig. Nedre del av kledning i tilbygget har røteskade.

Verneverdi: høg

Smia 8

Smia ligg i bakken på oppsida av tunet. Den står på ein høg natursteinmur og er oppført i flat-telgd grantømmer. På taket ligg det bølgeblekk. Inne finst det esse og belg. Inskripsjon på belgen 1837 kan vere tett på byggeåret.

Tilstand: Smia har en del røteskadar, først og fremst pga. gamle taklekksjar i hjørnet der skorsteinen har stått. Botnsvilla på vest-, aust- og sydsida er òg røtne.

Verneverdi: høg

Høysel 9

Nokre hundre meter sør for tunet ligg eit tømra høysel som er oppført i flat-telgd grantømmer. På taket ligg det bølgeblekk over eit eldre flistak (høvla). Eit byggeår omkring 1850 verkar sannsynleg.

Tilstand: Botnsvill mot aust og vest er røten, dessutan òg vestre ende av søndre botnsvill. Fundamenta er ustabile og det ser ut til at selet har sklidd noko bakover. Betydeleg setning i sydvestre holdstein.

Verneverdi: middels/høg

Kvennhus 10

Kvennhuset ligg einsleg ved ein bekk syd for tunet. Den er oppført av smått grantømmer. Eit byggeår omkring 1850 verkar sannsynleg. Huset ble tatt

ned og restaurert i 1980 av dåverande eigar, Harald Aakre.. Da blei det lagt inn mange nye stokkar og det blei støypte fundament og støpt golv. Taket er tekt med knotteplast og torv. Vassrenne blei og laga i 1980. Den gamle kvennkallen og kvennsteinane er på plass inne. På øvre kvennsteinen er det rissa inn 1723, noko som tyder på at steinen er eldre enn huset.

Tilstand: bra stand.

Verneverdi: Høg

Kvennhus er ein sjeldanheit. Restaureringa er ikkje heilt utført etter dagens antikvariske prinsipp, men har sikra huset for lang tid.

Eldhus på Tussehjelle 11

Skal ha stått opphaveleg på Su-Bøle og flytt til ny tomt i mellomkrigstid. Oppført i flat-telgd grantømmer, truleg tett på 1900. Taket er tekt med bølgeblekk.

Tilstand: En god del røte på austveggen. Golvet er skeivt. Bygningen står veldig tett på ein bratt fjellknaus på austsida.

Verneverdi: middels/låg.

Eigar vurderer å flytte det til Skrøyva (staulen til Nigard Lien).



1 Stova, foto: Jørn Berget



3 Løa, foto: Jørn Berget



1 Stova, foto: Jørn Berget



4 Eldhuset 2 Loftet, foto: Jørn Berget

Tunet består av fire gamle bygningar: stove, loft, låve og eldhus. I tillegg er det ein ny bustad oppført ca. 2002. Bustaden er bygd tett på låven.

Tunet er generelt godt vedlikehalde og restaurert opp igjennom ein 30-års periode. Nord-Svartdal ligg tett på Midt-Svartdal som òg har mange gamle bygningar.

Verneverdi tunet som heilskap: Høg

Stova 1

Stova er oppført i delvis flathogge lafteverk, delvis rundtømmer. Huset er fundamentert på gamle murar som er pussa i nyare tid. Eigar har tatt vare på ein bit av tømmeret der det har blitt skore inn årstalet 1771. Andre høgda er også i tømmer. Truleg bygd på i sveitserperioden (tidleg på 1900-talet). Far til noverande eigar har gjort ein del med stova både utvendig og innvendig. Det er òg drenert ut frå kjellar. Ny ytterkledning og etterisolering og takomlegging med decra-plater blei utført i 2019. Tidlegare låg det bølgeblekk på taket. Bygningen er betydeleg modernisert og har høg funksjonsverdi.

Verneverdi: middels

Loftet 2

Loftet og eldhuset (til høgre). Loft oppført i magetelgd tømmer, middels grov furu i begge høgder. Som vanleg for loft står det på underbunad med trapesforma svillar og seks klauver. I svalgangen er det dreia hjørnestolpar. Inskripsjon 1794 på vegg tile (kledning)

innvendig i fronten kan godt vere byggeåret eller nært på. Bygningen er godt vedlikehalde. Tjærebredd med 80 liter tjære i 2019. Oppjekking og refundering utført ca. 1995. Takomlegging med plast under torv ca. 2013. Tidlegare låg det takstein på loftet. Profilert med holkil/vulst etter meddrag.

Verneverdi: høg. Praktloft som er ein viktig del av tunet.

Løa 3

Løa blei refundamentert og jekka opp i 2012, og det blei då laga ein mur av lettklinkerbetong. Holdstein. Rom for honningproduksjon under løe/garasje. Fjerna store mengder masse på nedsida. Vellykka endringar av bygningen. Eksisterande tak lagt for 10-12 år sidan med furu av dårleg kvalitet. Bordtaket erstatta av bølgeblekk. Dårlig lufting og dårleg materialkvalitet har ført med seg store røteskadar etter kort tid.

Verneverdi: høg/middels.

Eldhus 4

Eldhuset er ei gamal tømre av flat-hogd tømmer (mogleg 1827), påbygd og omgjort til moderne bustad for den eldre generasjonen. Eldhuset blei plukka ned ca. 1993, og det blei gravd ut kjellar under. Torv på taket. Tidlegare truleg bølgeblekk på taket. Eldhuset framstår nå som vellykka gjenbruk av ein gamal bygning til moderne bruk.

Funksjon: Høg verdi

Verneverdi: Middels/høg



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



2 Bur 4 Fjøs 3 Låven, foto: Jørn Berget



4 Fjøset, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget



6 Vedskjul, foto: Jørn Berget



5 Stallen, foto: Jørn Berget



7 Eldhuset, foto: Jørn Berget

Nord og Su-Aakre blei truleg delt ca. 1833 mellom to brør. I dag er tunet på Nord-Aakre sett saman av stovebygning, bur, eldhus, stall, låve, fjøs og vedskjul. Bygningane har alder frå tidleg på 1700-talet til midt på 1900-talet. Verneverdi tunet som heilskap: høg/middels

Stovebygning 1

Stova er oppført i flathogd grantømmer i ein og ein halv etasje. På framsida av huset er lafthovuda godt kraga ut og gir opplegg for ein bjelke som sperrene kviler på. Kanskje er det Bjørn Blengsdalen som har vore tømmermann. Mogeleg byggeår kan vere rundt 1850. Tidlegare låg det never og jord med bølgjeblekk over. Taket er lagt om med nye sperrer og nytt undertak med Decra taksteinsplater i 2012. Eit tilbygg mot vest har også kome opp i samband med takomlegginga.

Tilstand: Stova er i bra stand

Verneverdi: middels

Stova er noko modernisert og endra.

Buret 2

Over døra på buret er det skore inn 1716. Alt tyder på at dette er byggeåret. Buret er oppført i flathogd furutømmer og står på seks holdsteinar, og plasseringa i ein skrå bakke gjer at steinane på nedsida er høge. På taket ligg det bølgjeblekk over eit nevertakt jordtak.

Tilstand: Buret har røteskadar. Søndre museflak har noko røte og bør truleg bli skifta i sin heilskap. Det nordre har røteskadd ende og bør skøytast. Sydaustre klauv er noko dårleg. Bakre tverrsvill i grima er røteskadd og bør byttast. Det same gjeld kloppa framfor bygningen. Elles er muren framfor buret i ferd med å skli ut, slik at denne bør bli demontert og gjenoppført på eit stabilt underlag. Holdsteinane er også noko skeivstilte og bør bli vurdert nærare i samband med eventuell oppjekking. Fleire av taksperrane har gamle røteskadar i endane.

Verneverdi: høg

Buret har høg autentisitetetsverdi og høg alder.

Låven 3

Bur, låve og fjøs.

Løa er av vanleg type med treskerom midt i og rom for høy og korn på sidene. Oppført i flat-telgd grantømmer. Årstala 1833 og 1906 er krota inn i veggen i treskelåven og dette skal vere byggeåra, og i 1906 skal heile bygningane ha vore teke ned og sett opp igjen i samband med ei vøling.

Låven blei jekka opp og holdsteinane er forsterka med betong på 1990-talet. Truleg har det lege gvåvtak langt attende i tid. No ligg det bølgjeblekk over eit gamalt spontak. Framfor låven er det ein innkledd svalgang der underliggarane er festa med trenaglar. Sydveggen er kledd inn i nyare tid.

Tilstand: Noko mindre røte i svilla som ligg under dørene i fremre sval. Denne ligg i kontakt med jord.

Verneverdi: høg

Lite er endra sidan gamal tid. Utgjer ei imponerande husrekkje saman med buret og fjøset.

Fjøset 4

Tømra av Jens Aakre under andre verds-krigen av flat-telgd grantømmer.

Tilstand: Lafterverket står rett på betong og det har utvikla seg røte i nedre del av botnsvillane. Sydveggen ser ut til å vere sterkare røteskadd, og det er utbulingar i denne veggen.

Verneverdi: Middels/høg

Stallen 5

Stallen stod fram til i fjor nede ved sida av fjøset, men for å betre tilkomsten med bil, blei det flytta litt lenger opp i bakken. Det blei lagt inn to nye botnstokkar og lagt moderne a-profil-stålplater. Tidlegare låg det bord som røtna på få år. Elles oppført som så mange andre av bygningane i flat-hogd grantømmer. Eit byggeår kring 1900 verkar å vere sannsynleg.

Tilstand: stallen er nyleg restaurert og i bra stand.

Verneverdi: middels

Vedskjul 6 (tidlegare hønsehus)

Flytta fra Sud-Barstad ca. 2005. Tidlegare stod det inne i eit større uthus; tekt med bordtak. Oppført i flathogd grantømmer, truleg ein gong etter 1900.

Tilstand: Bygningen står tett på jordbakken på oppsida, slik at det er oppstått noko røte i lafthovuda på tverrsvillane. Taket er tekt med furubord av dårleg kvalitet og bør bli skifta innan få år.

Verneverdi: middels

Eldhuset 7

Oppført i flathogd grantømmer og står på natursteinsmur med nokre imponerande steinar. Eit byggeår kring 1850 verkar vere sannsynleg. Stelt på av forrige eigar ca. år 2000, jekka opp i bakkant og erstatta røtne stokkar med leca for å berge huset. På taket ligg det bølgjeblekk som er tett.

Tilstand: Stort sett i grei stand. Taksperrane på framsida er kraftig nedbøygd i utstikket, noko som gjer at taket heng her. Litt røte i søndre langveggsvill.

Verneverdi: høg/middels



1 Eldhuset, foto: Jørn Berget

Tunet på Nord-Bakkemoen består av nyare bustad, nytt loft, ny garasje og relativt nytt uthus og tunet sin einaste gamle bygning som er eldhuset.

Eldhuset 1

Eldhuset er oppført i flat-telgd grantømmer som er lafta sammen med kamlaft. Fundamentering er natursteinsmur under sjølve tømra medan eit nyare tilbygg mot sydaust, står på betongmur. Gamalt jordtak med never ligger framleis under bølgeblekktekinga. Vegg mot aust og syd er innkledd med tømmermannskledning. Eit byggeår omkring 1900 verkar sannsynleg.

Tilstand: Bygningen ligg tett på terrenget og det er røte i alle synlege svillstokkar. Nedre del av kledningen på dei innkledde veggane er òg røteskadde. Isbord er delvis bortrøtna og vindskier er også røteskadde.

Verneverdi: låg.

Relativt nytt eldhus som ligg på tun utan særskilde kulturhistoriske kvaliteter.



1 Stova, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget



3 Løa/fjoset, foto: Jørn Berget

Tunet på Nord-Barstad består av stove frå 1928, eldhus frå 1905 og uthus sett saman av gamal løe og fjøs frå 1992, reist på gamle murar.

Stova 1

Stova er i ein og ein halv etasje og lafta av sirkelsagskore 6-toms grantømmer. Byggmester var Jon Dale (frå Seljordsheia), og byggeåret er 1928. På framsida er det reist eit tilbygg på 1980-talet med gang, bad m.m. Murverket er flott, hoggen granittstein. Olav Torshaug frå Kviteseid har stått for muren. Taket er tekt med bølgeblekk som ligg over eit jordlag. Under jordlaget ligg det bjørkenever. Bølgeblekket er frå 1950-talet. Tidlegare låg det takstein i tegl.

Tilstand: Stova er stort sett i bra stand, men det er nokre mindre skadar. I det sydaustre hjørnet er det litt røte i botnsvilla. Murverket på sydsida har noko setningsskade truleg som følgje av telehiv. På vestveggen er det ein bul i vegg.

Verneverdi: middels

Stove av relativt ny dato.

Buret 2

Oppført i 5-toms grantømmer med eit tilbygg mot syd oppført i stolpe- og svillkonstruksjon. Sistnemnde er kledd inn med lektepanel som er original frå 1905. Taket er tekt med papp/knotteplast og torv. Buret blei brukt til oppbevaring av mat, men er ikkje i tradisjonell form med stabbar; meir som ei vanleg tømre. Tilbygget fungerte som soveplass om sommaren.

Buret er i bra stand, men det er lita røteskade i laftehovudet mot nordaust på nordre botnsvill.

Verneverdi: middels

Bur av relativt ny dato.

Løa/fjoset 3

Løa er oppført i rundtømmer av gran. Laftet er midthals, og laftehovuda er uvanleg lange og forma varierande mellom sekskant, rund, kanta med markert spissing og ovalt. På framsida er det bygd ein skåle i 1940 (av Jens

Aakre). Løa har teikn på høg alder. Taket er heilt nytt og med papptekt undertak og a-profilerte stålplater. Tidlegare låg det tønneblekk (frå 1960) over eit sponetak (frå 1940). Oppført på holdsteinar. Det nye fjaset står på ein flott, hoggen granittmur truleg frå starten av 1900-talet. Løa er framleis i bruk til oppbevaring av hø. Eigard hadde dyr (sau) på garden fram til 2018.

Tilstand: Løa er stort sett i bra stand etter takomlegging våren 2020. Nokre gamle, inaktive røteskadar i lafteverket. Vestre tverrsvill har litt røte i det søndre laftehovudet som til tider nok er utsett for takdrypp. I det nordvestre hjørnet ligg lafteverket med jordkontakt, og det er røte i dei nederste stökkane. Her er også holdsteinen svært skeivstilt.

Verneverdi: Høg

Løe med høg alder. Bortsett frå takomlegginga, er ho lite endra.



1 Stovebygning/moderne bustad, foto: Jørn Berget



1 Stovebygning/moderne bustad, foto: Jørn Berget

Tunet på Nord-Blika består av gamal stove som er modernisert til bustad, eldhus (frå ca. 1930), bur frå 1970 med eldre underbunad og uthus. Uthuset har tre tømmerbygningar: låve, stall og fjos.

Stovebygning/ moderne bustad 1

Huset på Nord-Blika sett frå nordaust. Huset ser ut til å ha minst fem byggefaser. Eldste delen er synleg på ytterveggen mot vest/nordvest og står på ein gamal natursteinsmur. Her er relativt grove, magetelgde stokkar og høg trapesforma svill. Ingen profilering er synleg, men laftehovuda verkar å vere innkorta, og eventuell profil her kan vere fjerna.

Den gamle stova har hatt eit treromsplan, og det er sannsynleg at det har vore ei årestove. Alderen er vanskeleg å fastslå presist. Årestover har vore i bruk i vestre delar av Telemark til eit stykke inn på 1700-talet, men det er godt mogeleg at vi har å gjere med ein bygning som er langt eldre, og også veldig godt kan vera frå før 1650 (grensa for automatisk freding).

Vestveggen syner at vi har å gjere med ein gamal bygning. Sannsynligvis er dette den eldste stova i Svartdal, som med svært god grunn kan vere bygd før 1650.

Eldre bilete og innvendig tømmer syner to påbyggingar. Først har det blitt lagt på nokre omfar med flat-hogd tømmer over den gamle stova. Det er uvisst når dette har skjedd, men dette kan òg vere

gamalt. På 1930-talet har bygningen fått ei full andre høgde. Deretter har det i 1959 blitt påbygd ein del i bindingsverk mot nord. Noverande eigar har gjennomført ei større rehabilitering av heile huset i løpet av siste 20-års periode der det har fått ny kledning og taksteinsimenterande plater på taket. Tidlegare låg det bølgeblekk som tekking. Etter rehabiliteringa er huset i bra stand. Den gamle tømmerveggen har blitt beisa utvendig, og det er utført tetting med syntetisk masse.

Spesielt i eksteriøret ser bygningen hovudsakeleg ut som ein tradisjonsinspirert moderne bustad. Vest-veggen og den potensielt høge alderen gjer at bustaden likevel har kvalitetane til eit kulturminne.

Verneverdi: høg.

Eldhus 2

Eldhuset er oppført i flat-hogd tømmer og er oppført på natursteinsmur. Mot nord er det bygd inntil eit vedskjul i bindingsverk. Taket er skifta dei seinare åra og er no tekt med plast under torva. Vindauga er bytta av noverande eigar ca. 2004. Den gamle grua i naturstein er på plass. Øvre del av pipa er i teglstein.

Tilstand: tilstanden er bra etter nyleg istandsetting. Kun mindre skadar i vedskjul-delen som står svært tett på

terrenget.

Verneverdi: middels
Uthus med låve, stall og fjos

Låven 3

Låven er oppført i flat-telgd tømmer, mest truleg gran. Innvendig er tømmeret berre delvis skanta. Laftehovuda er firkanta. I følge Norske gardsbruk skal låven vere bygd i 1760. Dette samsvarer godt med utføringa. Fundamentering som vanleg på holdstein. Låven har blitt sprøytemåla for nokre tiår sidan. Låven har tradisjonell form med køyrebru på midten, treskelåve i forlenginga av brua og rom for høy og korn på kvar side. Taket er tekt med bølgeblekk. Eit takoppløft har blitt laga på 1900-talet over køyrebrua. 1959 er òg oppgitt som eit byggjeår for låven. Dette verkar som eit sannsynleg tidspunkt for tak, takoppløft, støypt låvebru og kledning på nordveggen.

Tilstand: Stort sett i bra stand, men nokre mindre røteskadar ved låvebrua og i nedre del av kledning mot nord. Holdsteinen i sydvest har etter alt og døme flytta seg noko, men er truleg retta seinare. Dette bør eigar følgje med på. I nordvestre hjørnet ligg botnsvilla nesten med terrengkontakt og det er litt røte her.

Verneverdi: høg.



2 Eldhus, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



5 Smia, foto: Jørn Berget



4 Stall/fjos, foto: Jørn Berget



4 Stall/fjos, foto: Jørn Berget

Stall/fjos 4

Stallen sett frå syd
Fjoset sett frå sydaust

Stallen er oppført i ovalt tømmer av den heller granne sorten. Eit byggjeår tidleg på 1800-talet eller seint på 1700-talet verkar sannsynleg. Mykje tyder på at stallen har stått som eit frittstående hus tidlegare og har blitt sett inntil låven i samband med at fjaset har blitt bygd. Dette er truleg tidleg på 1900-talet. Fjoset er oppført i flathogd tømmer.

Stallen ser ut til å vere i bra stand. Fjoset har nokre synlege røteskadar på nordveggen og kan fort ha fleire skadar som ikkje er lett å oppdage.

Verneverdi: høg

Smia 5

Smia er oppført i smått, flat-telgd gran-tømmer. Taket er tekt med tønneblekk - utbanka oljefat. Alt det gamle inventaret er på plass med esse, belg og diverse verktoy. Eit byggjeår kring 1850 verkar sannsynleg. Smia skal ha vore i bruk i samband med gruvedrifta i Bleka gruver.

Tilstand: Det er betydelege røteskadar i lafteverket. Spesielt på vestveggen og truleg på den innkledd nordveggen. Full demontering blir truleg naudsynt dersom ei fullverdig restaurering skal kunne skje.

Verneverdig: høg.

Smier er ei sjeldne bygningstypar, og her er inventaret intakt. Tilstanden inneber anten ei snarleg sikring ved at bygningen vert kledd inn, eller ei meir omfattande restaurering med stokkutsifting og truleg nytt tak.



1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget



3 Låve, foto: Jørn Berget

Tunet på Nord-Bøle består av moderne bustad i stavlaft (oppført ca. 2010), stove og bur. Gamle-løa blei flytt ned til ein nærliggande husmannsplass som ligg nedanfor tunet.

Verneverdi for tunet som heilskap: middels

Stovebygningen 1

Truleg oppført midt på 1800-talet og påbygd både i lengderetning og i høgda i 1919. Stova er oppført i flat-telgd grantømmer og står på ein natursteinsmur. På taket ligg bølgeblekk som ligg over takspen med jord og bjørkenever under. I det sydvestre hjørnet er det ein innkledd svalgang. Syd-veggen er elles innkledd med tømmermannskledning i gran. Vindauga på sydveggen er bytt på 1950-talet.

Tilstand: ein god del skadar i lafteverket, spesielt på austveggen. Svilla mot nord er også røten. Noko røte i golvet, også inne. Lekkasje bak pipa har truleg medført en del røte også. Bjelkelag under golvet er røte.

Verneverdi: middels.

Bygningen står noko malplassert i tunet, og eigar vurderer å flytte det til ny tomt litt lenger nord.

Buret 2

Buret er oppført i grantømmer. Utvendig er veggane flat-telgde medan det, for det meste, er rundstokk inne. Laftehovuda er firkanta, beitskiene er relativt breie stokkbeitskier.

Buret står på holdstein med underbunad med seks klauver og to museflak. Eit byggjeår i nærleiken av 1750 verkar sannsynleg. Taket blei lagt, og buret fekk nye åsar og sperrar, i ca. 2016 og har nå papp/knotteplast og torv. Tidle-gare låg det skanta taktro, never, jord, spon og bølgeblekk.

Tilstand: Omfattande skadar i underbunad. Begge museflaka er skadde i fremre endar. Framsvilla er røteskadd, og dei to fremre klauvene er skadd. Første om-

faret på austveggen har og røteskadar. Elles er bygningen i bra stand.

Verneverdi: Høg

Flott bur med høg alder. Buret treng vøling.

Låve 3

flytt til Hognestaul frå Nord-Bøle

Husmannsplassen Hognestaul blei fråflytt ca. 1875, og i dag er det kun tuftar igjen etter dei opphavelige husa. Då det blei bygd låve på Nord-Bøle på 1950-talet, blei gamle-løa flytt ned til Hognestaul. Opphavelig har dette vore ein tre-delt låve, men den nordre delen blei fjerna i samband med flyttinga.

Oppført i flat-telgd grantømmer. Står på holdsteinar. Bølgeblekk på taket.

Tilstand: nokre røteskadar i nedre del av bygningen, i nordvestre hjørne og også noko røte på sydveggen.

Verneverdi: låg



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



3 Gamlestugo, foto: Jørn Berget



2 Låven/fjoset, foto: Jørn Berget



4 Buret, foto: Jørn Berget



5 Kokehytte, foto: Jørn Berget

Garden er gamal gard, og det var fastbuande her fram til 1870, då folket som budde her utvandra til Amerika. Seinare var Nord-Skaret brukt som staule. I 1935 kom det igjen fastbuande, og garden blei bureisingsbruk. Det nye folket budde her fram til 1955. Vollen ved tunet skal ha vore brukt som festplass for ungdommen i Svartdal i gamal tid. Funn av steinpiler blei gjort under oppdyrkinga på 1900-talet. Dei skal vere datert ca. 1500 f. Kr. Desse finst i oldsakssamlinga i Oslo.

Verneverdi tunet som heilskap: høg

Stovebygning 1

Stoga blei bygd i 1936, etter at det nye folket budde første året i gamlestoga. Stoga er oppført av sirkelsagskore gran-tømmer og står på ein natursteinsmur der det seinare har blitt lagt på ein påstøyp. Taket er tekt med bordtak i gran, lagt ca. 1995 som held bra. Tidlegare låg det flat "sementtakstein" på taket og bølgeblekk på verandaen.

Bygningen er tømra i flat-telgd gran. Byggmeister skal vere Bjørn Gruffa frå Flatdal. Det er sirkelsagskore grantømmer i huset. Taket er lagt ca. 1990 og held bra.

Tilstand: Det har oppstått nokre røteskadar i botnen av stoga. Svilla mot aust er delvis erstatta av betong, og resterande svill har røte. Også noko mindre skadar i langvegg-svillane. Påstøypen utanpå muren ligg oppetter botnstokkane og hindrar opptørking.

Verneverdi: middels

Låven/fjoset 2

Låven og fjuset blei reist straks etter at det kom nye folk til garden i 1935. Bygningen er oppført i tungt bindingsverk i tidstypisk stil frå 1930-talet. Bindingsverket er laga av sirkelsagskore boks, om lag 5x5 tommar. I vestre delen står det eit lafta fjøs. Her er det 6-toms vegg, også det av sirkelsagskore tømmer. Kledningen er bord av varierende breidder. Nytt tak av bølgeblekkplater kom tidleg på 1970-talet og erstatta eit spontak.

Tilstand: Stort sett i bra stand. Nokre mindre røteskadar nederst på kledningen på nordveggen og i det sydaustre hjørnet. Den høge muren mot vest ser ut til å ha ein mindre bul.

Verneverdi: middels

Låven er ikkje særskilt gamal, han er bra vedlikehalden og er ein vesentleg del av tunet på Nord-Skaret. Stoge typisk for bureisingsperioden. Bra vedlikehalde.

Gamlestugo 3

Bygningen er oppført i lafteverk av gran. Flathogne veggar, medan svillane er trapesforma og i furu. Røsta er rundtømmer på innsida. Bygningen er klart påbygd med tre omfar tømmer. Dette må ha skjedd ein gong på 1800-tallet. Eldste del med dei firkanta laftehovuda kan godt ha eit byggjeår nærare 1750. Nyleg har noverande eigar sikra bygningen med strekkfiskar for å halde lafteverket saman.

Tilstand: Det er mange, gamle røteskadar i veggane. Spesielt gjeld dette nordre del av bygningen og ikkje minst bakveggen der det har blitt støypt ein betongmur utanpå veggen. Fleire av botnsvillane ligg òg med jordkontakt. Golvet i stoga sviktar litt vel mykje og bør truleg understøttast betre. Mogleg er det også skadar i golvåsar.

Verneverdi: høg

Flott stoge med mange fine detaljar. Lite endra. Eigar har valt sikring av

bygget framfor betydeleg utskifting av opphavelag materiale.

Buret 4

Buret er oppført i veggar som er flat-hogne på utsida og runde på innsida. Garlægjene er runde ute også. Det står på museflak som står rett på holdstein. Spor etter klauver er ikkje å sjå. Laftehovuda er firkanta med markert spissing. Inskripsjonen "1801" over døra inne i buret kan godt vere byggjeåret. Taket er bordtak i gran som held bra. Dette skal vere lagt ca. år 2000.

Tilstand: Svært bra stand. Trenaglone som held labanken til døra er litt lause, og det kan gjerne gjerast ein liten jobb her. I nordaustre hjørnet ligg enden av museflaket vel tett på bakken.

Verneverdi: høg

Kokehytte 5

Oppført ein gong på 1900-talet (førte halvdel). Bindingsverk, kledd med låvepanel. Bygd over ein bekk. Glasfiberplater på taket.

Tilstand: Setningar i fundamenta på baksida. Noko røte i kledningen mot nord. Takplatene byrjar å bli sprø og er snart klare for utskifting.

Verneverdi: høg/middels

Svært sjeldan bygningstype som bør takast vare på.



2 Eldhuset, foto: Jørn Berget



6 Sauefjos, foto: Jørn Berget



4 Smia, foto: Jørn Berget



5 Høyløa, foto: Jørn Berget



9 Stabburet (loftet), foto: Jørn Berget

Nordre Lien er ein gamal gard som framleis er i drift med dyrehald. I 2012 blei det bygd nytt fjøs utanfor tunet. Etter eigarskiftet i 1978 tok arbeidet til med å skipe ein kurs- og gjestegard på staden. Det har vore lagt ned eit enormt arbeide med å modernisere dei gamle bygningane. Samtlege av dei gamle husa, bortsett frå smia, har blitt innreidd og fått ein ny eller modernisert funksjon. Her finst gamal stove, eldhus, løe, stall, sauefjos, stabbur (loft), smie og sommarfjos. Syd for tunet stod det tidlegare eit kvennhus. Kvennhuset måtte demonterast for nokre år sidan.

Verneverdi tunet som heilskap: høg

Bygningane er endra og tilpassa moderne funksjonar. Dette går sjølvstakt på kostnad av historisk autentisitet, men på den andre side står dei fram som "revitaliserte" i ei moderne tid.

Stovebygning 1

Bildet viser hjørnet av lafteverket på stovebygningen. Trapesforma svillstokkar med markert firkant novhovud.

Stova er påbygd både i lengderetninga og i høgda og fungerer som bustad. Det gamle lafteverket står på ein høg natursteinmur spekt med betong. Det er halvgrove stokkar (truleg hovudsakleg gran) med firkanta laftehovud og grov trapesforma svill i furu. Eit byggjeår i nærleiken av 1750 verkar sannsynleg. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: God stand. Litt setningar i natursteinstrappa.

Verneverdi: Høg

Den gamle stova er flott integrert i moderne bustad og noko endra pga. dette.

Eldhus 2

Eldhuset er oppført i flat-hogd tømmer. Nedre delen har utprega firkanta laftehovud og er truleg oppført i perioden 1750-1820. Andre høgda er truleg kome til godt etter 1850. Mot nord er det bygd inntil eit tilbygg i seinare tid. Bygningen står på ein høg natursteinmur. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: Stort sett i bra stand, men noko røte i lafteverket på bakveggen. Nokre stokkar er her erstatta med murverk. Nokre dårlege stokkar er støypt inne bak betongen.

Verneverdi: høg/middels

Vårfjos 3

Bygningen blei flytt ned på tunet ca. år 2000 frå ein plass på oppsida av vegen. Den er oppført på ein mur av lettklinkerbetong som står på ei steinfylling. Mot nord og syd er muren forblenda med naturstein. Tømmeret er flat-telgd gran. Laftehovuda er kanta inn liksom veggen utan noko anna utforming. Ved den vestre leåsen er det skore inn "1867". Dette kan svært gjerne vere byggjeåret. I botnen av bygget er det i seinare tid lagt inn nokre nyare sirkelsagskorne stokkar. Garlægja (øvste veggstokken) på vestsida er enno nyare og må vere frå sist huset blei sett opp. Tre nye åsar er også lagt inn, og takutstikket mot nord er forlenga for å gi betre le framfor inngangsdøra. Elles er det skore ut for mindre vindauge både på aust-, vest- og sydveggen. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: Huset er i ganske bra stand, men det er røte i botnsvilla mot syd. Ut-

skifting av denne inneber at bygningen blir jekka opp.

Verneverdi: middels

Fjoset fungerer nå som hus for overnatting med bad og fire soverom.

Smia 4

Smia er oppført i rundtømmer av gran og står på ein låg natursteinmur. Laftehovuda er kanta inn og spissa. Eit byggjeår tidleg på 1800-talet eller andre halvdel av 1700-talet verkar sannsynleg. Inne i smia finst både essa og belgen på plass. Nyleg har det blitt nytt tak. Sperer på 4x4 er felt ned i veggen og ber ei tro av smale bord. Taket er nå kun tekt med asfaltapp, men eigar vil leggje plast og torv over pappan.

Tilstand: Det er nokre, for det meste, inaktive røteskadar i tømmeret, spesielt i andre omfaret mot syd og i fleire stokkar på nordveggen. Botnsvilla mot nord bør truleg bytast på sikt. Dei andre skadane kan eventuelt sponsast på ståande vegg.

Verneverdi: Høg

Heller sjeldan bygningstype med høg alder og høg autentisitet.



7 Modernisert bygning (stallen), foto: Jørn Berget



3 Vårfjos, foto: Jørn Berget



1 Stovebygningen – detalj av hjørnet på lafteverket, foto: Jørn Berget



8 Sauefjos, foto: Jørn Berget

Høyløa 5

Høyløa er flytt frå eit jorde på nedsida av tunet og opp til tunet ca. år 2000. Løa er oppført på naturstein/forblenda betong og bygd i rundtømmer av gran. Sannsynleg byggetidspunkt er rundt 1850. Bygningen er innreia med soverom og bad. I forlenginga av den gamle løa er det sett opp ein innredd stavkonstruksjon. Taket er tekt med knotteplast og torv. Huset har fått ny botnsvill mot aust, nye garlægjer (øverste veggstokk) og åsar etter flyttinga.

Tilstand: Tilstanden er stort sett bra. Nokre gamle skadar i nordaustre hjørnet og på vesteveggen.

Verneverdi: middels

Modernisert høyløe som er teke godt vare på.

Sauefjos 6

Sauefjoset er oppført i relativt grove stokkar, som hovudsakleg ser ut til å vere skore på oppgangssag. Eit byggjeår ein gong rundt midten av 1800-talet verkar sannsynleg. Laftehovuda følgjer stokkens form, og laftet er vanleg midthals. Fjoset er også innreidd med soverom og bad. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: Tilstanden er stort sett bra bortsett frå røte i søndre botnsvill. Her er det knusingar i veden i søraustre hjørnet.

Verneverdi: høg/middels

Modernisert bygning 7

Stallen er òg innreidd med kjøkken nede i det smale stallrommet og soveplassar på trevet. Mot sør er det reist eit tilbygg, og det er såleis skore ei ny døropning i den gamle sørveggen. Den lafta delen er oppført i flat-telgd tømmer, truleg gran, og det er lafta med sekskanta midthals. Eit byggjeår i første halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg. Svilla mot aust og litt av svilla mot nord er fjerna og erstatta av murverk. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: Stallen er i bra stand.

Verneverdi: Middels/høg

Låven 8

Sterkt ombygd og påbygd modernisert bygning med selskapslokale, kontor m.m. Det gamle lafteverket er flott integrert i bygningen, og bygget som heilskap står fram som vellykka gjenbruk av ein gamal bygning. Det opphavelge lafteverket er oppført i flat-telgd tømmer med firkanta laftehovud. Eit byggjeår rundt 1800 verkar sannsynleg. Taket er tekt med knottplast og torv.

Tilstand: Låven ser ut til å vere i bra stand.

Verneverdi: høg/middels
Viktig del av tunet

Stabburet (loftet) 9

Stabburet er oppført i flat-telgd furerømmer som er fint høvla. Utprega firkanta laftehovud, og ei utføring som peikar mot eit byggjeår rundt år 1800. Svalgangen er fornya i seinare tid. Treskjering og dreia hjørnestolpar laga av Aslak Slette-meås, Morgedal. Andre høgda fungerer som soveplass, og taket er isolert i samband med dette. Taket er tekt med knotteplast og torv.

Tilstand: Stort sett i bra stand. Terrenget ligg noko tett på svill og klauver på austsida. Det er nokre setningar i natursteinstrappa. Litt setning også i den midtre holdsteinen mot vest som fører med seg at museflaket er nedbøygde.

Verneverdi: Høg

Godt vedlikehalde loft med høge estetiske kvalitetar.



1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



2 Buret, foto: Jørn Berget



4 Eldhuset, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



5 Badstova, foto: Jørn Berget

Tunet på Nørsteteig består av stovebygning, bur, låve, eldhus, badstove, nyare garasje og uthus. Jorda på nedsida av tunet blir slegne. Tunet er inngjerda med flotte skigardar.

Verneverdi tunet som heilskap: høg/middels

Stovebygningen 1

Stova er oppført i flat-telgd tømmer (truleg hovudsakleg gran). Tverrsvillane er trapesforma furustokkar. Laftehovuda er firkanta. Bygningen er oppført på natursteinsmur som er tetta med betong. Mot aust blei det reist eit tømra tilbygg i to fulle etasjar rett etter siste krig. Dette skal vere oppført med tanke på utleige til turistar. Tilbygget er oppført på ein støypt mur i betong. På taket ligg det plast og torv. Før dette låg det eternittplater. Eit byggjeår omkring 1850 verkar sannsynleg.

Tilstand: Huset er fungerande bustad og for det meste i god stand. I det sydaustre hjørnet ligg botnstokkane med jordkontakt, og her har det oppstått røte.

Verneverdi: Middels/høg

Flott stove som ligg fint i landskapet.

Buret 2

Buret er oppført av flat-telgd grantømmer og står på seks holdsteinar og seks klauver med to museflak. Underbunad, svalstolpar og tilevengar er i furu. Laftehovud er firkanta og svakt spissa. Over døra finst inskripsjon "1792". Dette er truleg byggjeåret. Taket er tekt med papp/knotteplast og torv, og er lagt på 1980-talet.

Tilstand: Det er setningar i grunnen under holdsteinane. Dette gjeld spesielt på austersida, men òg den fremre holdsteinen mot vest. Her ligg svillane utan kontakt med holdsteinen, og både svill, museflak m.m. har her bøygd seg betydeleg. Oppjekking og refundamentering av dei fleste holdsteinane vil vere på sin plass.

Trappa har også setningar og bør gjenoppmurast på stabilt underlag.

På austersida er torva i ferd med å skli av taket. Full takomlegging er tilrådeleg om ikkje alt for lenge.

Verneverdi: høg

Flott bur som er lite endra utover at taket er lagt om i nyare tid.

Låven 3

Låven blei plukka ned tidleg på 2000-talet og er gjenoppført som festlokale og snikkarverkstad. I ombygginga blei dei to deleveggane fjerna. Nokre nye stokkar blei òg lagt inn i tillegg til nye åsar og sperrebukkar. Låven står på ein ny mur av betong, og taket er tekt med papp/knotteplast og torv. Eit byggjeår i andre halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Bygningen er relativt nyleg restaurert og i bra stand.

Verneverdi: middels

Bygningen står fram med ein vellykka ombygging til ny funksjon.

Eldhuset 4

Eldhuset er opphavelg oppført i flat-telgd grantømmer. Tidlegare stod bygningen på oppsida av stova, men blei truleg flytt til noverande plass då stova blei påbygd på 1950-talet. Noveranda eigar, Torkjell Flatland, demonterte heile huset og gjennomførde ei omfattande restaurering og stokkutsifting. Taket er tekt med papp/knotteplast og torv. Nye tilbygg i stavkonstruksjon mot syd og aust. Eit byggjeår omkring 1850 verkar

sannsynleg.

Tilstand: Huset er relativt nyleg restaurert og i bra stand. Svillstokk på nordsida ligg noko tett på bakken og er utsett for fuktigheit.

Verneverdi: middels

Badstova 5

Badstova stod tidlegare syd for tunet, men blei flytt opp i tunet og restaurert for få år sidan av noverande eigar. Taket er tekt med papp/knotteplast og torv. Eit byggjeår i andre halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Nyrestaurert og i bra stand, men svillane på langveggane stikk utanfor takutstikket og burde truleg vore kapp.

Verneverdi: middels



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



5 Hytte/sel, foto: Jørn Berget



4 Situselet, foto: Jørn Berget



3 Fjøs, foto: Jørn Berget



2 Låven, foto: Jørn Berget

Opphaveleg har det vore to gardar, Nigard og Uppigard. Tidlegare har det òg vore fleire buplassar i Storstauldalen. Stoga i Nigard brann i 1859. I Uppigard emigrerte folk til Amerika i 1861. Etter fråflyttinga blei Storstaul nytta som slåttestaule. Ni tufter etter gamle bygg og murar etter drifteveg finst i kulturlandskapet på Storstaul. Funn av slagstein kan tyde på jernutvinning i området. Det var staulsdrift her fram til 1956, ny staulsdrift er planlagt frå 2021. Skogen er rydda unna, og eit imponerende kulturlandskap har kome fram. I dag består Storstaul av stove frå Hjartdal, låve og fjøs, situselet - den gamle stauls-bua- og ei hytte bygd under siste krig. Forutan dei gamle bygningane er det òg uthus i stav og laft frå 2018, anneks frå 2011 i laft (sett på gamal stovetuft) og fjøs frå Askedølen i Flatdal frå ca. 1940 under oppsetting/restaurering. Utanom dette er det planlagt å setje opp ei gamal tømre som grisetro. Kulturlandskapet og staulsdrifta som skal takast opp att, er det som gjer Storstaul til noko særskilt. Verneverdi-tunet som heilskap: høg

Stovebygning 1

Stova blei flytta frå Nedre Nordbø i Hjartdal. Stoga blei pukka ned i ca. 1980 og låg lagra fram til Mæland kjøpte huset og sett opp tømra i 2012. Det er ei gamal stove med flat-telgd tømmer. Svillstokkane er trapesforma, grove stokkar i furu. To nye vindaug har kome til i samband med oppsettinga i 2012. Stova er reist på gamal tuft, men på ny gråsteinsmur.

Stova blei påbygd med ny andre høgde i 1905 av byggmeister Olav Åsen. Truleg er første høgda av høg alder. Delar av første halvdel kan vere frå tidleg på 1700-talet.

Gamal taktro som er sota kan tyde på at stova har vore årestove frå starten. Stova har kanskje vore nytta som tingstove. Stova er i dag nytta som hytte og er tillegg isolert og modernisert.

Bordtaket består av kreosot-impregnerte bord med papptekt undertak. Tømmeret er beisa med tyrlin. Tidlegare skal det ha vore tjære som har vore brukt til dette.

Tilstand: Stova er i god stand sett bort frå noko røte i ein svillstokk mot vest. Utan om dette er det nokre mindre skadar i veggane også. Desse skadane kan med fordel sponsast. Vassbeslag på vindaugskarmane kan spare karmane. **Verneverdi:** Høg/middels

Gamal stove i flott kulturlandskap der staulsdrift er i ferd med å takast opp igjen.

Låven 2

Låven er oppført i rundtømmer av gran. Inskripsjonen inne i bygget er frå 1880-åra. Sannsynleg byggjeår kan vere i 1870-åra. Taket blei lagt i 1997 etter ein storm og består av stålplater. Truleg har det vore spontak tidlegare. Låven blir no bygd om til ysteri. Delar av dei innvendige veggane blir no kledd inn, men det blir lagt vekt på bevare alle inskripsjonane ved køyrebrua.

Tilstand: Sørveggen har betydelege røteskadar, men stokkane er beskytta med tønneplater. Derimot bør dei sikrast betre for å verne veggane. Vestveggen har òg noko røte i veggstøttemer. Oppføringa av ei takrenne vil vere eit fornuftig tiltak.

Verneverdi: høg

Fjøs 3

Oppført i flat-telgd tømmer. I følge munnleg tradisjon skal det ha vore planlagt som sel. Truleg reist tidleg på 1900-talet. Fjøsset skal nyttast i samband med den nye mjølkestallen.

Tilstand: Murverket er noko ustabilt og bør truleg demonterast og løast opp på nytt. Takkonstruksjon er noko svak, og det er behov for å måke taket kvar vinter. Svillstokken mot vest er røteskadd, og det bør vurderast å skifte dei ut. Det er viktig at ein finn ei løysing for å leie bort takvatnet som i dag går rett på låveveggen. Oppføring av ei takrenne er ei nærliggande løysing.

Verneverdi: Høg/middels

Situselet 4

Oppført i lafteverk av rundtømmer, truleg gran. Bygget blei demontert i 1994 og stod da heilt til nedfalls. Situselet er sett opp på ny mur på ein stabil grunn. Under attreisinga blei ein del stokkar skifta ut, spesielt på vestsida. Det var planlagt å bruke bygget som uthus, men planane blei endra og huset er no innreidd til hytte. Taket er frå 1994 og er av sibirsk lerk som erstatta bølglekk. Før dette igjen, var det truleg spontak. Laftehovuda er kanta og noko spissa. Eit byggjeår før 1850 verkar sannsynleg.

Tilstand: Nokre røteskadar i tre av stokkane som ligg over dei nye stokkane på vestveggen. Desse kan med fordel sponsast slik at røten ikkje utviklar seg. Det finst også røte i nokre av vindskiene og svært nyleg påbegynt røte i bordtaket av lerk.

Verneverdi: middels/høg

Hytte/sel 5

Bygningen blei reist i 1942 og blei bruka som sel i 15 år. Hytta er sett opp på gråsteinsmur. Olav To frå Hjartdal var byggmeister. Det blei gitt rasjoneringskort for å kjøpe 5 vindaug og 3 dører i tillegg til faspanel. Vindauga består av enkle glas levert frå Lundeveid i Kviteid. Bølglekk er tekkinga på taket. Under ligg det gamal spon.

Tilstand: Pipa er i ferd med å rase ned. Vindskier er røtne, elles er bygningen i bra stand.

Verneverdi: middels

Kjelder:

Henry Mæland



1 Våningshuset, foto: Jørn Berget



1 Våningshuset



2 Loftet, foto: Jørn Berget



3 Låvebygning, foto: Jørn Berget



2 Loftet, foto: Jørn Berget

Tunet består av våningshus, tømra låve og loft i tillegg til ein nyare driftsbygning frå 1982. Våningshus og låve er betydeleg endra. Den nye driftsbygningen har gjort at det gamle uthuset står fram som noko malplassert.

Verneverdi tunet som heilskap: middels.

Våningshuset 1

Våningshuset er ei gammal tømre i to høgder som blei bygd om sommaren 1946. I dag er det berre utstikkande åsendar og himlingsbjelkane i stova som viser at dette er ein gamal bygning. Huset har høg bruksverdi som ein fungerande bustad, men den antikvariske verdien er i dag låg.

Verneverdi: Middels

Stova før ombygginga i 1946

Loftet 2

Loft av vanleg utføring, med mange likskapar med loftet på Haugsvold og Nord-Svartdal. Seks klauver, trapesforma sviller, museflak og magetelgd, relativt grovt tømmer. Svalgang rundt heile andre høgda. Rik treskurd på svalstolpane i fronten. Heile bygningen har vore beisa, sist gang på slutten av 1990-talet. I andre høgda er det noko mindre rundtømmer. Laftehovuda i begge høgdena er profilert i endeveden med ein vulst. Elles i bygningen finst det fleire pynteprofilar, mellom anna ein samansett av holkil og vulst (skilt med ein rygg) og karniss. Eit byggjeår mellom 1750 og 1800 verkar sannsynleg. På eit tidspunkt var det meininga at loftet skulle flyttast til Nordre Bakkemoen, men det blei ståande.

Taket blei tekt med betongstein under ei takomlegging midt på 1990-talet. Det låg truleg teglstein før dette. Da blei heile undertaket lagt nytt, og mange av sperrene blei sponsa.

Pynteprofilar på lafteskallar og i sua mellom stokkane er vanleg i Vest-Telemark; heilt tilbake til mellomalderen. Forma på laftehovuda er elles eit av dei beste dateringskriteria. På Su-Bakkemoen er det rettovale hovud i første høgda, medan det er kanta hovud i andre høgda. Dette kunne indikera ein alderskilnad, men denne skilnaden finst på mange loft i både Hjartdal, Svartdal og Flatdal, og det er stor grunn til å meine at begge høgdena er jamgamle.

Tilstand: Loftet er i bra stand.

Natursteinstrappa framom bygningen er funksjonell, men noko låg. Ved eventuell restaurering av bygningen kan det vurderast å ta ned trappa og lø den opp igjen på stabilt underlag. Stor avstand frå den øvre hella til kloppa er bra for å holde mus unna. Det finst ei mindre, gammal og inaktiv røteskade oppunder taket i sydaustre hjørnet.

Verneverdi: Høg/middels

Låvebygning 3

Låven er oppført delvis i laft og delvis i tungt bindingsverk. Lafteverket er delvis kanta tømmer og delvis rundtømmer. Laftehovuda er kanta og noko spissa utover med enden. Eit byggjeår omkring 1800 verkar sannsynleg. I samband med ombygging er ein betydeleg del av den øvre delen av lafteverket fjerna. Den store ombygginga har truleg føregått ein gong i fyrste halvdel av 1900-talet, inspirert av byggeskikken til sveitserlåvane. Taket er tekt med bølgjeblekk. Under bølgjeblekket ligg det eit spontak.

Tilstand: På sørveggen er det noko røte i nedre vegg-tømmer og museflak. Døra på vestveggen og i nordre gavl har ein del røte i nedre del.

Verneverdi: Middels/låg



1 Våninghus, foto: Jørn Berget



2 Loft, foto: Jørn Berget



3 Låven, foto: Jørn Berget



4 Høyløe/sommerfjøs, foto: Jørn Berget

Tunet på Su-Svartdal består av tømra våningshus (uviss alder, truleg vesentleg eldre enn sveitserperioden), loft frå 1757, låve frå 1947 (med tømra fjøs) og ny bustad frå 1998. I tillegg er det her teke med løa på Ingersmoen - som høyrer til garden.

Verneverdi garden som heilskap: høg/middels

Våninghus 1

Lafta bygning oppført på natursteinsmur. Gamle bilete syner ein bygning i sveitserstil, og noko av sveitserstilen er behalde etter forskjellige takomleggingar og anna arbeide. Inne i stova syns kraftige himlingsbjelkar som vitnar om ein bygning som er langt eldre enn sveitserstilen. Ingen ting av lafteverket er mogeleg å sjå. Alder på stova truleg før 1850, men uviss kor mykje eldre. Nyare vindaug og kledning, truleg frå ca. 1950. Tilbygg med soverom og vaskerom oppført 1990. Ny taktekking med enkeltkrum betongtakstein lagt i 1991. Tidlegare låg det flat betongstein på taket.

Tilstand: God stand

Verneverdi: middels/høg

Loft 2

Loftet er oppført i magetelgd (ovalt) tømmer. Det står som vanleg på underbunad med seks klauver, to museflak og trapesforma svillar. Svært fin utføring. Det er dreia hjørnestolper i svalgangane. På taket ligg det enkeltkrum betongstein. Bygningen gjekk gjennom ei større restaurering i 2007 med oppjekking ved Bjarne Lofthus og trearbeide v/Tradisjonsbygg Morgedal. Svalgangen mot sydaust blei fornya, og ny tverrsvill i underbunad kom på plass i tillegg til innspona nye endar i begge museflaka. Profilering på laftehovuda med brei holkil. Etter meddraget er det profilert med brei profil: dobbel karniss med vulst. Breie, enkle stokkbeitskier.

Tilstand: god stand.

Verneverdi: Høg

Låven 3

Bygningen er oppført 1947 og står på betongmur/pilarar. Konstruksjonsmåten er tungt bindingsverk. Taket har tidlegare vore tekt med flis (ligg framleis). Nå ligg det bølgeblekk over. Kledningen er bord som ligg kant-i-kant.

Tilstand: Nokre setningar/telehiv i grunnen med oppsprekking av betongpilarar. Nokre konstruktive problem også i bindingsverket i sydaustre ende. Ytterkledning på sydaust-veggen er noko dårleg, og enkelte bord har losna. Manglar ein del vindaugsglas i vindaug mot sydaust.

Verneverdi: Middels. Tunet ville miste ein betydeleg dimensjon dersom låven forsvann.

Høyløe/sommerfjøs 4

på Ingersmoen

Bygningen har vore løe frå starten, men har seinare vore brukt som sommarfjøs. Oppført i rundtømmer av gran. Tønneblekk på taket. Løa ligg tett på Skarsvegen, ein mykje brukt turveg. Kløyvd taktro. Sannsynleg byggjeår er første halvdel av 1800-talet.

Tilstand: Betydelege røteskadar i lafteverket. Bygningen bør takast heilt ned for å restaurerast. Store rusthol i taket. Hastar med å sikre bygningen dersom han skal takast vare på.

Verneverdi: Høg/middels

Einsleg uthusbygning som ligg i tilgrodd kulturlandskap, men som står fram som eit viktig kulturminne langs Skarsvegen



● Oversiktsbilde over Su-Blika, foto: Jørn Berget



1 Løftet, foto: Jørn Berget



3 Eldhuset, foto: Jørn Berget



2 Fjøset, foto: Jørn Berget

Tunet består av ny bustad, loft, eldhus, låve, stall, fjøs og høyløe. Tunet ligg i eit storslått kulturlandskap som blir beita. Verneverdi tunet som heilskap: høg.

Loftet 1

Loftet er oppført i flat-telgd, høvla furutømmer og står på grime med seks klauver og to museflak. Flaka er halvrunde slik som er meir vanleg lenger øst. Fundamenta er fire holdstein. Rundt lafteverket i andre høgda er det breie svalgangar innkledd med fint høvla panel profiler med en halvstaff. Takkonstruksjonen er tre årar med sperrar. Over bursdøra er det måla 1862. Dette er høgst sannsynleg byggjeåret. Taket er tekt med bølgeblekk. Taktroa er den gamle, men det er ikkje spor etter eldre tekkingar.

Tilstand: loftet er stort sett i bra stand. Fundamenta står på fjell. I framkant av bygningen er det mindre røteskadar i kloppsvill, og i endane av museflaka og langsvillane i grima. Ein god del av kledningsborda i svalgangen er røtne i nedste del, spesielt på veggan mot låven. Vassborda under kledningen er modne for utskifting. Store hakkespetthol er det også fleire stadar. Vindskier har òg dårlege endar. Natursteinstrappa framfor bygningen er skeiv og bør rettast.

Verneverdi: Høg/middels
Fin loftsbygning som er lite endra.

Fjøset 2

Fjøset er oppført av delvis furu og delvis grantømmer og står på en høg natursteinmur. Veggømmeret er flat-telgd og veggane er sikra med strekkfiskar. Taket er tekt med ukanta furubord av nyare dato. Vindauge og dør er nye,

og fjøset har blitt innreidd til selskapslokale – "pub og badeland" i nyare tid. Eit byggjeår tidleg på 1900-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Fjøset har betydelege utfordringar. Lafteveggane har slått krøll på seg og er avhengige av strekkfiskar for å bere taket. Det er røte i dei to nedste stokkane på nordveggen, og svillane mot aust og vest er òg røtne. Betydeleg moglegheit for andre skadar i lafteverket. Taktekkinga er sterkt røteskadd og bør skiftast snarleg. Undertaket held taket tett.

Verneverdi: middels

Den flotte muren og tunet som heilskap gjer det viktig å ta vare på bygningen, eventuelt byggje ein rekonstruksjon dersom veggane er for dårlege.

Eldhuset 3

Bygningen er oppført i flat-telgd furu- og grantømmer. Laftehovuda er retta og firkanta. Fundamentet er relativt høg natursteinmur. Mot nordvest er det eit gamalt tilbygg i stolpereising. Dette er innkledd med breie bord der overliggerar er profilert med kvartstaff. Taket er tekt med bølgeblekk. Eit byggeår omkring 1850 verkar sannsynleg.

Tilstand: Murverket er bra. Noko røte i dei to nedste stokkane på austveggen. Nedre del av nordveggen er kledd med tønneblekk og ikkje tilgjengeleg for inspeksjon. Det ser ut til å vere ein mindre taklekkasje ved pipa.

Verneverdi: middels/høg

Låven 4

Låven har som vanleg tre-delt plan med køyrebru/treskerom på midten og rom for høy/korn på kvar side. Særeige (i Svartdal) for denne låven er at den har museflak (4 stk.) Dei to midtre museflaka står på fint forma trestabbar. Veggømmeret er rundstokk hovudsakleg i gran med litt iblanding av furu. Laftehovuda er uvanleg lange, kanta inn og spissa. Mot aust er det eit gamalt tilbygg med ein svill og stavkonstruksjon. Mot nord er det svalgang som er kledd om i andre halvdel av 1900-talet. Fundamenta er holdstein for det meste på fjell. Taktekkinga er bølgeblekk. Truleg har det ligge spon tidlegare. Låven er gamal, og truleg oppført på 1700-talet – mogleg første halvdel.

Tilstand: Låven er i ganske bra stand. Nokre mindre røteskadar i museflaket mot vest og i ein av sørendane til eit av dei midtre flaka. I søraust har heile flakenden røtna vekk med den følge at tømra har sige ned. I det nordaustre hjørnet er det litt røte i enden av austre tverrsvill. Tilbygget mot aust står truleg ikkje på fjell, og holdsteinen her er litt skeiv. Her er det nokre mindre røteskadar i svillar og i den flotte kledningen. Tre-delen av låvebrua er røten og bør bytast. Vindskier og isbord er dårlege. Mønebeslaga ser ut til å vere dårleg innfesta.

Verneverdi: høg

Gamal låve med mange fine detaljar.



3 Eldhuset, foto: Jørn Berget



5 Stall, foto: Jørn Berget



6 Høyløe, foto: Jørn Berget



4 Låven, foto: Jørn Berget

Stall 5

Stallen er oppført i flat-telgd grantømmer og er oppført på natursteinsmur. Som vanleg er det eit utkraga høytrev over stallrommet. Her ser det ut til at trevet er eldre enn lafteverket i sjølve stallen. Stallen ser ut til å vere bygd omkring 1900 medan høytrevet truleg er reist før 1850. Ei rimeleg tolking er at lafteverket i det gamle stallrommet har blitt dårleg, og at ein derfor har tømra ein ny. Takkonstruksjonen er ås- og sperretak. Taktekking er bølgeblekk.

Tilstand: Stallen er i bra stand.

Verneverdi: høg/middels

Høyløe 6

Litt aust og nedanfor tunet ligg ei gamal høyløe. Denne skal tidlegare ha stått i utmarka, men har blitt flytt til tunet langt tilbake i tid. Løa er oppført i rundtømmer, mest av gran, men noko furu. Laftehovuda er kanta og svært markant spissa. Dei tre øvste omfara ser ut til å vere yngre. Fundamentet er ein natursteinsmur. På taket ligg det bølgeblekk. Eit byggjeår i første halvdel av 1700-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Fleire røtne stokkar i lafteverket, spesielt svillar mot nord og aust. Ei taksperre er knekt i det nordaustre hjørnet med det resultat at takplata har bøyg seg ned her. Vindskier er dårlege.
Verneverdi: høg

Høyløe med høg alder.



1 Stovebygning 2 Stabburet, foto: Jørn Berget



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



5 Stovebygning på Plassen, foto: Jørn Berget



4 Eldhus/vedskjul, foto: Jørn Berget



6 Låven, foto: Jørn Berget



7 Fjøs på Primkleiv, foto: Jørn Berget



3 Stallen, foto: Jørn Berget

Tunet på Su-Lien består av gamal stove, stabbur, eldhus/vedskjul og stall. Tidlegare stod det løe og fjøs bygd saman med stallen, men desse forsvann på 1970-talet. Stova er under rehabilitering.

Stovebygning 1

Stova skal vere bygd i 1915. Den gamle tømra blei plukka ned på slutten av 1990-talet og har sidan vore under ombygging til moderne bustad. I ombygginga har heile bygningen blitt sett på ein moderne leca-mur. Det har blitt bytt inn nokre nye stokkar. Arbeidet blei utført av Svein Helge Groven. Innvendig er dei gamle stokkane synlege, men utvendig har det blitt lagt på isolasjon og ny kledning.

Tilstand: huset er under ferdigstilling

Verneverdi: står fram som ein moderne bustad tilpassa eldre byggeskikk

Stabburet 2

Stabburet i forkant, og stovebygningen bak. Stabburet blei flytta til Su-Lien frå Plassen, truleg på 1940-talet. Det er oppført på seks holdsteinar og står som vanleg på underbunad og klauver/flak. På vestsida er holdsteinane lagt på ein oppfinnsam måte rett på ein fjellnabbe. Tømmeret er flat-telgd truleg hovudsakleg furu. Eit byggjeår rundt 1850 verkar sannsynleg. På Plassen stod bygningen som eit bur ei i høgde. Loftshøgda er oppført i bindingsverk og kom til etter flyttinga til Su-Lien. På taket ligg det bølgeblekk frå slutten av 1970-talet. Dette erstatta eit spontak. Heile andre høgda og svala i første høgda er kledd med ein lektekledning frå 1940-talet.

Tilstand: Underbunaden ligg tett i bakken på oppsida med den følgje at svillar, og dei tre klauvene er røteskadd her. På framsida er burskloppa røten og også enden av det eine museflaket.

Verneverdi: Høg-middels

Stallen 3

Stallen er oppført i flat-telgd tømmer og truleg lafta opp på 1930-talet. Det er kun ei tømmerkasse utan røst som står inne i ein bindingsverk-konstruksjon. Stallen står på ein høg natursteinsmur.

Tilstand: Lafteverket ser ut til å vere

i bra stand, men bindingsverket er i dårleg stand og har delvis losna frå lafteverket. Det er noko utgliding i natursteinsmuren. Taket er bølgeblekk, og det er tett bortsett frå ei plata som har losna i det eine hjørnet.

Verneverdi: Middels-låg. Bygningen har tidlegare vore del av ei uthusrekke som elles er fjerna. Eigar har planar om å plukke ned lafteverket og føre det opp ein annan stad i tunet.

Eldhus/vedskjul 4

Oppført i bindingsverk. Truleg i perioden 1930-50.

Tilstand: Dårlig stand med røteskadar i svillar og kledning.

Verneverdi: låg

PLASSEN

Truleg husmannsplass under Su-Lien. Tunet består av stove og låve. Tidlegare har tunet stått lenger oppe i bakken. Det var fastbuande her fram til tidleg på 1900-talet. Det blei slått på Plassen fram til 1960-talet.

Tunet som heilskap: høg

Stovebygning 5

Truleg oppført seint på 1800-talet. Oppført av flat-hogd granvirke med eit vanleg laft for 1800-tallet. Golv av svære plankar, truleg frå eit eldre bygg. Glasa mot syd er nyare og noko større enn dei gamle.

Tilstand: Mot syd har muren rasa ut. Større setningar mot nord pga. røteskadar i nedre del av tømra. Demontering av heile bygningen vil vere nødvendig for å gjennomføre fullverdig restaurering.

Verneverdi: Høg

Lite endra bygning som ligg i eit gjengrodd kulturlandskap.

Låven 6

Oppført i flat-telgd tømmer i gran, vanleg for treskelåve på midten og rom for høg/korn på kvar side. Står på åtte solide holdsteinar.

Tilstand: Botnsvilla mot syd har betydeleg røteskade. Det er røte også i andre omfaret mot syd. Fleire røteskade stokkar både på nord og austveggen. Fullverdig restaurering av bygningen inneber truleg full demontering. Nokre av holdsteinane er også skrånstilt. Taket er tekt med bølgeblekk og er tett.

Verneverdi: høg.

Svært lite endra løe som ligg for det meste i gjengrodd landskap.

PRIMKLEIV GNR.86, BNR. 5

Primkleiv har vore husmannsplass under Nord-Bøle, truleg frå seint på 1700-talet. Omkring 1920 blei Primkleiv sjølvstendig bruk. Det budde folk på Primkleiv til utpå 1930-talet. Gamle bilete syner både stove, løa og fjøs, men i dag står berre fjøset att. Løa raste saman på 1960-talet.

Fjøs 7

Fjøset har plass for fire båsar og tømra i rundtømmer i gran. Tidlegare låg det flat himling inne, men den blei fjerna av noverande eigar i samband med takomlegging ca. 1980. No ligg det moderne takplater på bygget. Byggjemåten og verktøyspora indikerer at fjøset nok er reist noko ut på 1900-talet.

Tilstand: Fjøset er i ganske bra stand sett bort i frå noko røteskadar i nedre del av bygningen. Svilla mot vest og aust er rotne. I tillegg er det råte i lafta i det sydaustre hjørnet.

Det gamle tregolvet er også stort sett bortrotna.

Verneverdi: middels

Fjøset ligg noko forlatt på ein plass som elles har tuftar etter fleire bygningar. Plasseringa tett på Skarsvegen gjer at den er synleg for mange.



1 Stovebygning, foto: Jørn Berget



2 Låve, foto: Jørn Berget



3 Fjøs, foto: Jørn Berget

Su-Skaret har vore husmannsplass under Nigard Lien. Tunet består av ei gamal stove med treromsplan, ei lita tre-delt løe og fjøs. Siste busetjing på 1930-talet. Su-Skaret har vore brukt som staule fram til tidleg på 1960-talet.

Verneverdi: Høg.

Lite endra tun som er rimeleg godt halde ved like. Eksempel på langt på veg intakt husmannsplass.

Stovebygning 1

Stova er oppført av flat-telgd gran-tømmer med firkanta laftehovud. Eit byggjeår omkring 1850 verkar vere sannsynleg. På taket ligg eit bordtak frå Øyfjell sag med undertak av papp. Taket er ca. 3 år gammalt i 2020.

Eigar jekka opp huset og skifta ut ein del tømmer i nedre del av bygningen for 4-5 år sidan. Muren blei også utbetra. Ny leca-pipe har blitt mura.

Tilstand: Etter den nylege vølinga er huset i bra stand. Innvendig er arbeidet framleis ikkje ferdig stilt. Det nye bordtaket blir dessverre flisa opp av is/snøras på nordsida. Når bordtak ikkje fungerer, er det tilrådeleg å leggje stålplater med bølgeprofil for å gi bygningen eit godt tak. Austveggen er noko utsett for vêrlag, og tiltak bør bli vurdert her anten med innkledning eller å lage eit pulltak.

Låve 2

Tre-delt lita løe oppført i flathogd gran-tømmer. Vanleg oppdeling med treskerom på midten og rom for korn/høy på sidene. Eit byggjeår omkring 1850 eller

noko tidlegare verkar sannsynleg. Låg natursteinsmur på oppsida og holdstein på nedsida. Midt på bakveggen er tømra ført lågare ned for å unngå høge holdsteinar. Bølgjeblekk på taket, lagt på slutten av 1960-talet. Etter alt og døme låg det høvla flis på taket før det.

Tilstand: restaurert ca. 2010 og i bra stand. Drenert på oppsida og lagt singel mot murane.

Verneverdi: høg.

Sjeldan husmannsløe som er bra halde ved like.

Fjøs 3

Oppført i rundtømmer av gran og står på natursteinmur. Eit byggjeår seint på 1800-talet verkar sannsynleg. Taket er tekt med bølgeblekkplater frå ca. år 2000. Desse erstatta utbanka oljefat som då var heilt opprusta. Eigar skifta ut nokre stokkar på sør- og austveggen ca. 1980.

Tilstand: Bra tilstand.

Verneverdi: høg.

Viktig del av tunet sin heilskap.



1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



2 Gamlestogo, snikkarverkstad, foto: Jørn Berget



5 Eldhus, foto: Jørn Berget



8 Stall, foto: Jørn Berget



3 Uthus med løe/fjøs og stall, foto: Jørn Berget



4 Loftet, foto: Jørn Berget

Garden Su-Aakre er blant dei mest verneverdige i Svartdal. Her er svært mange gamle hus, og tre av dei peikar seg ut som særleg interessante sett med kulturminnefagleg blikk: snikkarverkstaden, sommarfjøsset og loftet.

Verneverdi tunet som heilskap: Høg/særs høg.

Stovebygningen 1

Stova er i to høgder og oppført i seks tommar tjukt sideskore grantømmer. Ho er bygd i 1932-33, og byggmeister var Jon Dale. Utsida av stokkane er uhøvla og spora etter sirkelsag er framleis synlege. Fundamentet er støypt betongmur under mesteparten av huset, men på oppsida er det mur av naturstein. På framsida av huset er det i seinare tid ført opp eit lukka bislag. Taket er bølgeblekk som ligg over eit jordlag med never. Før dette låg det flat "sementstein" som tekking. Vindauga er skifta i andre halvdel av 1900-talet. Takkonstruksjonen ser ut til å vere sveitsar-rausta med takstolvillar som gjev opplegg for sperrer. Det var fast busetnad her fram til 1992.

Tilstand: Stova er stort sett i bra stand. Det ser ut til å ha vore ein mindre røteskade i det sydaustre hjørnet, der laftehovudet til austre langsvill har røtna vekk. Nokre mindre sprekkar i betongmuren syner at grunnen under stova ikkje er heilt stabil. Bølgeblekket på taket er noko rusta, men elles i god stand.

Verneverdi: middels/høg

Stova er typisk for mellomkrigstida og noko endra for å betre buforholda.

Gamlestogo, seinare snikkarverkstad 2

Gamlestogo er oppført av flat-telgd 6-tommar tjukt grantømmer. Opphavelig har det nok vore stove med treromsplan, men i dag er deleveggen mellom gang og kove teke vekk slik at huset i dag berre har to rom. Elles er mykje att av gamle golv, himlingar, vindaug og dører. Taket er lagt om i nyare tid, og svartlakkerte stålplater med A-profil.

Stugo skal først ha vore tømra opp på Baklid (vest for Nigard Lien) i 1830-åra. Jens Aakre og sonen Tov Aakre nytta bygningen som snikkarverkstad. Jens var mellom anna rokkemakar, og Tov var kistemakar. Jens var son av Severin Landstad, bror av salmediktaren Magnus Brostrup Landstad.

Tilstand: Bygningen har alvorlege utfordringar. Den høge natursteinsmuren mot vest har delvis rasa ut, utan at det enno er akutt fare for sjølve lafteverket. I vegg-tømmeret er det omfattande røteskadar, særskilt i det nordaustre hjørnet. Botnsvilla mot syd og aust bør truleg også bli bytt ut. Full demontering av bygningen er å anbefale for å kunne utføre ei tilfredsstillande restaurering.

Verneverdi: Høg.

Stove med høg alder og få endringar. Det store tilfanget av gammalt verktøy, dreiebenkar m.m. er med på å gjera bygningen svært interessant for tradisjonshandverkarar. Det er mange historier knytt til bygningen.

Uthus med løe/fjøs og stall 3

Uthuset består av låve lafta av flat-telgja grantømmer, ein liten stall og eit yngre fjøs. Låven har det vanlege grunnplanet med køyrebru/treskelåve på midten og rom for høg/kornband på sidene. I fronten er det ein innkledd svalgang i den øvste høgda. Fundamenta er imponerende høge holdsteinar under låven, medan fjøsset er fundamentert delvis på naturstein og delvis på betongmur. Uthuset står heilt eller delvis på fjell. På taket ligg eit tønneblekk over låven, medan det ligg bølgeblekk over fjøsset. Fjøsdelene er innkledd på alle veggane med grankledning. Låven ber preg av

å vere frå fyrste halvdel av 1800-talet, medan fjøs og stall er yngre og truleg frå ca. 1900.

Tilstand: Uthuset er stort sett i bra stand. Tønneblekket er godt rusta, men held framleis tett. Det manglar eitt mønebeslag over fjøsset lengst syd. Dessutan er vindskiene dårlege fleire stadar.

Verneverdi: Høg

Flotte tømmerbygningar i eit tun som har usedvanleg fin heilskap.

Loftet 4

Loftet står på underbunad med trapforma sviller og seks rektangulære klauver. To museflak med konkave skråflater. Seks holdsteinar utgjer fundamenta.

Underburet er tømra av relativt smått mageforma (ovalt) furutømmer, medan andre høgda har flat-telgd grantømmer. Underteikna trur at det er høg alder på buret. Karnissprofilen som er høvla langs medraget førekjem ofte på 1700-talet, men det finst også i Seljord så tidleg som på 1620-talet. Det faktum at vi finn same profil på svillar i underbunaden skulle gjere det sannsynleg at buret har hatt grime frå fyrste stund. Dette er likevel ikkje heilt sikkert. Eit byggeår ned mot 1650 er ikkje usannsynleg for underburet, medan loftshøgda truleg er tømra kring 1750.

Tilstand: Loftet har nokre istandsettingsbehov. Bygningen har skeivstilte klauver, spesielt i framkant og har nok bevega seg litt mot løa. Nordre langsvill i underbunaden har betydeleg holrøte. Elles manglar det kledningsbord i svalgangen framme.



6 Badstove, foto: Jørn Berget



9 Sommarfjøs, foto: Jørn Berget



7 Smia, foto: Jørn Berget



10 Høyløa, foto: Jørn Berget

Eldhus 5

Eldhuset er tømra av seks-toms grantømmer. Det har kun eitt rom og er fundamentert på ein natursteinsmur. Gamle vindaug og dør finst. Taket er A-profil stålplater frå seinare tid. Delar av peisen står att, men pipa er riven. Eit byggjeår seint på 1800-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Røte i alle sviller bortsett frå svilla mot vest. Røytesvilla på vestveggen har blitt pressa ut av stilling. Gamal røteskade i veggstøttemer der pipa tidlegare har vore. Betydelege setningar i murverket, dårlege vindskier og røte i sperre-endar. Begge vindauga treng betydeleg restaurering.

Verneverdi: Høg-middels. Huset er i dårleg stand, men utgjør ein viktig del av heilskapen på tunet.

Badstove 6

Badstova er òg tømra av flat-telgd tømmer, for det meste gran. Fundamentert på natursteinsmur og med never/jord under bølgeblekk. Taktroa er skoren på sirkelsag. Byggjeår er truleg tett på år 1900.

Tilstand: Røten svill på austveggen og på austre endar av baa tverrvillane. Røte også i ein veggstokk høgare opp på austveggen. Ei vindski manglar, og dei andre er slitne. Tak og fundament ser bra ut.

Verneverdi: Høg. Viktig hus for heilskapen til tunet.

Smia 7

Smia ligg på oppsida av tunet og er oppført av flat-telgd grantømmer og står på ein natursteinsmur med noko røys-preg. Taket er tekt med tønneblekk. Under tønneblekket ligg det eit flistak som ligg på kløyvde trobord som må vere eldre enn sjølve bygningen. Inne i bygningen er både esse og belg på plass i tillegg til smieutstyr. Truleg er smia frå siste halvdel av 1800-talet.

Tilstand: Svilla mot aust er røten. Det gjeld truleg også austre enden av begge tverrvillene (søndre og nordre). Røtesvilla mot vest er òg dårleg. To taksperre er dårlege. Taket held framleis tett, men nærmar seg nok grensa for si levetid. Delar av røysmuren har rasa ut mellom holdsteinane.

Verneverdi: høg.

Stall 8

Stallen er oppført i seks toms grantømmer og har vanleg form med stallrom nede og eit utkraga høytrev oppe. Fundamentert på natursteinsmur. På taket ligg det A-profil stålplater frå ca. 1980. Eit byggjeår omkring slutten av 1800-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: Noko røte i botnen av bygget. Svillene mot syd, nord og aust er røtne, likeins røytesvilla mot vest som har vrid seg ut av veggen. Elles er det røteskade sperre-endar og vindski.

Verneverdi: Høg.

Viktig bygning i heilskapen på Su-Aakre.

Sommarfjos 9

Sommarfjøset ligg i lia noko sydaust for tunet. Det er oppført delvis av store ovale halvkløyvde stokkar i furu, delvis av smått flat-telgd gran. Breie flat-hogne beitski rammar inn døra i nord. På taket ligg det tønneblekk rett på sperrar. Tre åsar utgjør resten av takberinga. Dei gamle stokkane har eit svært alderdommeleg preg. Tradisjonen med å tømre med grove halvkløyvingar i fjøs heldt seg lenge i øvre delar av gamle Telemark fylke. Underteikna er derfor usikker på alderen, men ser at det er kjenneteikn her som tilseier at vi har å gjere med eit sær gamalt fjøs. Eit byggjeår før 1650 kan ikkje utelukkast.

Tilstand: Det er en del røte i botnen av bygningen. På austveggen er svilla omtrent røtna bort. Svilla mot nord og syd er òg delvis borte pga. røte. Ei av taksperrene er knekt av, og tønneblekket syng på siste verset. Tiltak vil snart vere på sin plass for å berge bygningen.

Verneverdi: Høg/sær høg.

Høyløa 10

Høyløa ligg utanfor tunet nede ved hovudveggen. Her er flat-hogne grantokkar i veggane og tønneblekk på taket. Muren er naturstein. Løa er etter alt og døme reist i andre halvdel av 1800-talet.

Tilstand: Løa blei restaurert ca. 2010 og er nå i bra stand.

Verneverdi: middels/høg



1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



3 Eldhus, foto: Jørn Berget



2 Låve, foto: Jørn Berget

Svervelid er ein gamal gard som ligg høgt i lia ovanfor Blika-gardane, med storslagen utsikt mot Skorve. Det skal ha vore fastbuande folk på garden fram til slutten av 1800-talet. I 1930-åra tok Norsk speiderforbund over staden og gjennomførte ein god del arbeid på alle bygningane. Plassen blei seld til noverande eigar i 2010. Omfattande arbeid har vore utført med tanke på å få fram det gamle kulturlandskapet.

Verneverd tunet som heilskap: høg/middels

Stovebygningen 1

Oppført i flat-telgd grantømmer i ein og ein halv etasje. Oppført på natursteinsmur, tetta med betong. Den gamle tømra har karaktertrekk som gjer ei tidfesting til fyrste halvdel av 1800-talet sannsynleg. På nordsida av bygningen finst eit tilbygg frå ca. 2010 med bad og anna. Noverande eigar har òg reist eit bislag framfor døra på sydsida. Heile bygningen er kledd med tømmermannskledning i 2010. Taket er òg lagt om etter 2010 med nye sperrer, nytt undertak og tekkinga er membran/torv. Tidlegare tekking har truleg vore spon over jord/never. Alle glas er skifta ut etter 2010 og tilbakeført til ein opphavelig storleik. Innvendig er stoverommet svært godt bevart med den gamle peisen, seng og skåp.

Tilstand: Nyleg restaurert og i bra stand.

Verneverdi: høg/middels

Gamal tømre modernisert til fritidsbustad. Modernisering gjort med fint omsyn til eldre byggjeskikk, og stova er flott teken vare på innvendig.

Låve 2

Låven er oppført i rundtømmer, truleg hovudsakleg av gran, men det er òg kan hende nokre furustokkar i tømra. Han er oppført på solide holdsteinar. Mot vest

er det på 1950-talet oppført eit tilbygg. Dette står på ein støypt mur forblenda med naturstein.

Låven ber preg av å vere frå seint på 1700-talet eller tidleg på 1800-talet, men eit betydeleg tal veggstokkar er attbruka og har høgare alder. Det gamle treskjegolvset ser òg ut til å ha høg alder.

Taket er tekt med grønmåla bølgeblekk. Spiker i troa syner at her har vore spontak før dette. Alle ytterveggane er innkledd med tømmermannskledning frå 1950-talet.

Tilstand: Låven er godt vedlikehalden. Bak kledningen mot aust skal det vere betydelege røteskadar i veggstømmeret, men veggane er stramma opp med strekkfiskar/kledning og fungerer bra. Mindre røteskadar i nokre av kledningsborda mot aust.

Verneverdi: høg/middels

Låve med betydeleg aldersverdi. Innkledninga av taket gjer at bygningen i eksteriøret står fram i noko grad som eit bygg frå midten av 1900-talet.

Eldhus 3

Eldhus oppført i smått grantømmer på ein natursteinsmur. Taket er tekt med bølgeeternitt og torv. Mot nord er det eit nyare tilbygg frå 1900-talet.

I tømmeret finst inskripsjonen "1876". Dette kan mykje vel vere byggeåret. Sydveggen er kledd med tømmermannskledning frå ein gong rundt midten av 1900-talet. Inne i bygget er det installert toalett.

Tilstand: Det er noko røte i nedre del av veggstømmeret på austveggen. Her har òg botnsvilla vridd seg ut. Kan hende denne veggen bør kledast inn for at bygningen skal kunne bevarast for ettertida.

Verneverdi: Middels

Tømre i relativ bra stand og som utgjer ein viktig del av tunet.



1 Stove, foto: Jørn Berget



2 Bur, foto: Jørn Berget



4 Uthus med låve og fjøs, foto: Jørn Berget



3 Eldhus, foto: Jørn Berget



5 Badstove, foto: Jørn Berget

Tunet på Uppigard Barstad består av stove, bur, eldhus, uthus og badstove.

Verneverdi tunet som heilskap: Høg

Uskipla tun med fem gamle bygg. Stova er blant dei eldste i Svartdal. Ny bustad er oppført godt unna det gamle tunet.

Stove 1

Stove med tre-roms plan oppført i flat-telgd grantømmer. Stova står på ein natursteinsmur som er tetta med betong. Taket er tekt med knotteplast/torv ca. år 2008. Gamalt jordlag/never ligg under den nye torva. Tidlegare låg det enkeltkrumma betongstein på taket oppå den gamle torva.

Bygningen fungerte som bustad til tidleg på 1990-talet. Mot nord er det oppført eit tilbygg i stav- og svillkonstruksjon frå ca. 2010.

Det kan sjå ut som om stova har vore gjennom nokre endringar. Truleg har tre omfar tømmer blitt lagt på øvst ein gong på 1800-talet. På sydveggen kan det òg sjå ut til at dei tre nedste stokkane er frå 1800-talet. Svart taktro på loftet sannsynleggjer at stova i kort tid har vore årestove før det blei mura peis og pipe. I dag er peisen vekk, men erstatta med pipe i teglstein. Eit byggjeår heilt i starten av 1700-talet verkar sannsynleg.

Tilstand: stova er i bra stand. Nokre ubetydelege setningar i muren på sydsida.

Verneverdi: høg

Gamal stove som har fått eit nytt tilbygg som gjer den funksjonell som gjestehus i sommarhalvåret.

Bur 2

Lite bur som står på grime med seks klauver og seks holdsteinar. Tømmer-

veggane er av smått grantømmer medan svillar og flak i grime er grovare furustokkar. Veggane er fint høvla. På taket ligg det takstein av betong over eit jordlag med never under. Framsvala er kledd med ein kledning av varierende breidde høvla med ein smal perlestaff. Eit byggjeår omkring 1900 verkar sannsynleg.

Tilstand: Buret er i bra stand. Fremre ende av museflaka er noko mosegrodde, og desse kan med fordel børstast. Mose på taksteinen bør også fjernast.

Verneverdi: Middels/høg

Eldhus 3

Lite eldhus tømra av smått granvirke. Bygningen står på ein låg natursteinsmur som er tetta med betong. Taket er av nyare dato og blei lagt om til knotteplast/torv på 1990-talet.

Tilstand: På oppsida er avstanden til terrenget liten, og det er svært fuktig i grunnen. Her er botnsvillane erstatta av betong. Vindauget mot syd har eit knust glas og manglar kitt.

Verneverdi: middels

Uthus med låve og fjøs 4

Uthuset består av ein tre-delt tømra låve og ei lafta fjøs-kasse. Løa har tidlegare hatt eit tømra røst, men dette er fjerna og det er sett opp ein stolpe/bindingsverkskonstruksjon over løa og over og rundt fjøskassa. Løa kan vere frå ca. 1850 medan fjøskassa og bindingsverket truleg er frå mellom-

krigstida. Sistnemnde er kledd med ein låvekledning i gran. På taket ligg for det meste tønneblekk med trekantlister i skøyntane. Begge laftekassene er tømra i gran. Løa står på holdsteinar, og fjøset står på natursteinsmur der det er støypt ein mur i betong på utsida.

Tilstand: Langs nordsida av bygningen er det røte i nedre del av kledninga og også i svillane og stolpane i bindingsverket. I nordvestre hjørnet av løa er det også bortrøtna svillstokkar. Her må løa ha vore jekka opp, og det har vore lagt inn ekstra stein på holdsteinen. Låvedørene er også røtne i nedre del og bør skiftast. Tønneblekket er godt rusta og har begynt å lekke fleire stader. Takomlegging vil vere naudsynt i løpet av få år. Takrenne på nordsida vil vere eit godt tiltak for å verne bygningen.

Verneverdi: Høg/middels

Badstove 5

Badstove oppført i smått grantømmer. Badstova står på ein låg natursteinsmur. Eit byggjeår i siste halvdel av 1800-talet verkar sannsynleg. Taket er tekt med bølgeblekk over jord/never. Inne er det benkar for tørking av korn og ein røysovn.

Tilstand: Terrenget ligg innpå svillane i det nordaustre hjørnet, og her er det litt røte i svillane. Døra manglar stablar til hengslene. Røysommen inne er rasa saman.

Verneverdi: Høg/middels



1 Stovebygningen, foto: Jørn Berget



2 Låven, foto: Jørn Berget



5 Buret, foto: Jørn Berget



3 Fjøset, foto: Jørn Berget



4 Eldhuset, foto: Jørn Berget

Tunet på Øvre Blika består av stove, låve, fjøs, eldhus og bur og ligg i eit flott kulturlandskap med steingjerde, oppmura vegar m.m.

Verneverdi for tunet som heilskap: høg.

Stovebygningen 1

Stova er i to høgder og er oppført av flat-telgd tømmer i av gran. Sperrehakk midt på veggen visar at andre høgda er yngre. Første høgda ser ut til å vere reist rundt 1800, medan andre høgda truleg har kome til i sveitserperioden tett etter 1900. Ein igjenkubba dørøping på det som no er vestveggen, viser at døra tidlegere har vore her. Fundamenta er natursteinsmur. På nordveggen har det kome opp eit tilbygg i nyare tid. Vindaug, taket og dei fleste av sperrene er fornya heilt nyleg. Takteking er moderne A-profilplater i stål.

Tilstand: Bygningen står fram som nyrestaurert og i bra stand. Likevel syner samanpressing og flygehol etter ein trebukk, at botnsvilla mot syd har røteskadar.

Verneverdi: høg

Vesentleg del av tunet på Øvre Blika. Stova er modernisert og kan nyttast til fritidsbruk.

Låven 2

Fjøset (til høgre) og låven (til venstre) - sett frå sydvest. Låven er oppført i tømmer som delvis er rundt, delvis flat-hogd. Her er det brukt gran i veggane. På 1900-talet har låven fått ei ark mot syd. Grunnplanet er som vanleg tre-delt med treskerom på midten og rom for høy/korn på sidene. Austveggen er nyleg innkledd. Fundament er holdstein. Mot nord er det ein svalgang innkledd med tømmermannskledning. Taket er tekt med moderne A-profilplater. Eit byggeår omkring 1750 verkar sannsynleg.

Tilstand: Låven er i ganske bra stand. Det er litt røte i svill i det nordaustre hjørnet. Støttemuren som er oppført

på nordsida, er i ferd med å blir pressa noko mot bygningen. Holdsteinen i sydvest er noko skeiv, men dette er ikkje kritisk. Kledningen i svalgang og inngangsparti mot nord er noko skadd i nedre del.

Verneverdi: høg

Fjøset 3

Fjøset er oppført i halv-grovt rundtømmer i gran. Laftehovuda er kanta inn og noko spissa. Fundamenta er natursteinsmur. Under bygningen er det møkkakjellar. Takteking er moderne A-profilplater i stål. Fjøset er gammalt og kan vere bygd omkring 1800.

Tilstand: bygningen har behov for ei omfattande restaurering. Lafteverket er destabilisert fleire stader, og det er minst tre røtne stokkar på nordveggen. Vestveggen har ein kraftig bul. Sydvestre holdstein er skeiv, men murverket mellom holdsteinane på sydveggen har betydelege setningar. Som følge av dette har golvkonstruksjonen sige ned her. Muren har også sklidd ut både mot nord og vest.

Verneverdi: høg

Bygningen er ein viktig del av heilskapen på Øvre Blika.

Eldhuset 4

Eldhuset er i dag ein bygning på halvannan etasje, men tidlegare har det som vanleg vore berre ein etasje. Dei fire øvste omfara og røsta er skorne på sirkelsag og har kome til etter 1900. Resten av huset ber preg av å vere tømra i første halvdel av 1800-talet. Her er det flat-telgd tømmer, truleg ei blanding av gran og furu. Framom bygningen har det etter krigen (?) kome opp eit bislag med veranda. Mot aust er det eit tilbygg

der berre røstet er i tømmer. Fundamenta er ein låg natursteinsmur, og taktekinga er moderne A-profil plater i stål.

Tilstand: Bygningen ligg stadvis tett på terrenget, og det er nokre mindre røteskadar i dei nedste stokkane. Tilbygget mot aust har blitt noko skeivt og står på hall mot nord. En del røte i kledning og i stokken under vindaugget i det austre røstet.

Verneverdi: høg/middels

Buret 5

Buret er oppført i flat-telgd tømmer, i ei blanding av furu og gran. Det står på grime med seks klauver og to halvrunde museflak. Grima er ny (2004). Fire holdsteinar utgjør fundamenta. Laftehovuda har sekskanta form. På taket ligg det stukken spon lagt i. Det er bjønnlås til døra.

Buret kan vere bygd omkring år 1700. Sekskanta laftehovud er mest vanleg i perioden 1650-1750, i det aktuelle området truleg helst etter 1700.

Tilstand: Buret blei tatt heilt ned i 2004 for restaurering. Det har vore brukt for dårleg materiale i museflaka når desse har vesentlege røteskadar etter kort tid. Det same gjeld kloppa som ligg på museflaka framfor døra. Det er også litt røte i dei to nedste stokkane på nordveggen. Stikketaket begynnar å vise teikn til røte, men det ser ut til å ligge god papp under slik at det ikkje er fare for lekkasje med det første.

Verneverdi: høg

Gammalt bur på tun med høge kulturhistoriske verdiar.



1 Våningshuset, foto: Jørn Berget



2 Låven, foto: Jørn Berget



3 Fjøset, foto: Jørn Berget



4 Stabburet, foto: Jørn Berget

Tunet på Øyan består av våningshus frå 1924, låve (flytt frå Su-Svartdal i 1924), fjøs (frå 1924) og stabbur. Hallvard Aasbø (far til noverande eigar) har elles skrivt eit hefte om historia til Øyan.

Verneverdi tunet som heilskap: middels

Våningshuset 1

Tømra nytt i 1924. Framstår i dag som ein nyare bygning. Tilstanden verkar vere bra. Kledning og tak av nyare dato. Påbygd midt på 1980-talet og i 2019. Bar tømre i første høgda. Nokre gamle skadar i svillar, men er no under rehabilitering.

Låven 2

Låven er vanleg type 1800-tals tømmerlåve med køyrebru midt på og rom for høy og korn på kvar side. På kvar side av køyrebrua er det i dag open svalgang. Spiker i toppsvilla syner at svalene tidlegare har vore innkledd. Svillar og stolpar i svala er av nyare dato. Tømmeret er flattelgd med øks og i gran, og veggane er også i gran. Laftehovuda er rette medan svillane har til dels trapesforma hovud. Som vanleg for låvar, er tømmeret ikkje meddrege (ikkje tett tømra). Låven er fundamentert på åtte holdsteinar. Taket er tekt med måla bølgjeblekk. Under bølgjeblekket ligg det eit flistak. Som spikerslag under flisa ligg det bord med vassrenne som kan indikere at bordteking er huset sin enno eldre tekkingsmåte. Eit byggjeår i nærleiken av 1850 verkar å vere sannsynleg.

Tilstand: I veggen mot nordaust er det tydeleg ein del vêrpåkjønning, og her finst det eit fåtal stokkar der sprekkar fangar vatn og det har oppstått røte. Utkraginga for svalene er noko nedoverbøygde. Holdsteinen i sydaust har betydeleg setning, elles ser fundamenta ut til å vere nokolunde bra.

Verneverdi: høg/middels.

Fjøset 3

Fjøset skal vere flytt til Øyan frå Midt-Lien. Oppført i lafteverk. Innkledd med kledning av gran. Fundamentert på svært solide holdsteinar og støypte pillarar. Ser ut til å vere betydelege skadar i tømmerveggane. Taket er bølgjeblekk og ser ut til å vere bra.

Verneverdi: Middels-låg.

Stabburet 4

Stabburet er flytt til Øyan frå Ingersmoen (eit stykke lenger oppe i Svartdal) som løn for sommarjobb i 1938. Oppført i smått grantømmer med flathogde, noko spisse laftehovud. Det er tømra framsval. Truleg noko eldre enn løa. Eit byggjeår i nærleiken av 1800 verkar å vere sannsynleg. Åsar og museflak

er nyare. Golvet stikk ut mellom flak og svill slik det er meir vanleg i austre delar av Telemark. I nyare tid er stabburet omgjort til anneks/soverom. Oppført på fire holdsteinar.

Taket er tekt med skifer som tidlegare låg på Manndal kapell (frå 1950-talet). Tidlegare låg det enkelkrum teglstein.

Tilstand: Det er ein gamal røteskade i svilla i det nordaustre hjørnet. Skaden ser ut til å vere frå før flaket blei skifta. Begge flaka er noko nedbøygde. Truleg har det stått grime under buret tidlegare med klauv under den midtre deleveggen. Noko gamal røte oppunder taket også i same hjørnet. I sydaustre hjørnet er det også eit avbrøte laftehovud i svilla. Holdsteinen i sydvest er noko skeivstilt. Det ligg betong mellom steinane. Ei skifer er sprekt på taket. Det ligg papp under skiftertaket, så ingen fare for lekkasje.

Verneverdi: Middels-høg



UTVALDE KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET

I arbeidet med utvalde kulturlandskap i jordbruket har landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga i Noreg gått saman om å gje bonden drahjelp. Desse verdifulle og vakre kulturlandskapa blir tekne vare på inn i framtida fordi areal med biologisk verdifulle kulturmarker, tradisjonelle bygningar og andre kulturminne blir restaurert og skjøtta, og jordbruksdrifta på små og større gardsbruk blir vidareført.
